



St.meld. nr. 25

(2006–2007)

Om Noregs deltaking i den 61. ordinære
generalforsamlinga i Dei sameinte
nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av
den 60. generalforsamlinga i FN

Innhold

1	Samandrag	5	5	Økonomi-, miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité)	19
1.1	Generelt	5		Generelt	19
1.2	Generaldebatten	6	5.1	Gjeldshandtering	19
1.3	Komitéarbeidet	6	5.2	Finansiering for utvikling	19
1.4	Plenum/Andre viktige saker	7	5.3	Råvarer, handel og utvikling	19
1.5	Samarbeidet med andre land og grupper	7	5.4	Kvinner i utviklingsprosessar	20
			5.5	Miljø og berekraftig utvikling	20
			5.6	Migrasjon	22
2	Konstituering og val	8	5.7	Korrasjon	22
2.1	Avslutning av den 60. generalforsamlinga	8	5.8	MUL-landa	22
2.2	Oppnemning av delegasjon til den 61. generalforsamlinga	8	5.9		
2.3	Organisering av den 61. generalforsamlinga	8	6		
2.4	Konstituering og val	8	6.1	Menneskerettsspørsmål og sosiale spørsmål (3. komité)	23
3	Saker i plenum	9	6.2	Generelle spørsmål	23
3.1	Generaldebatten	9	6.3	Menneskerettssituasjonen i somme land	23
3.2	Oppfølging av FN-toppmøtet 2005 ..	9	6.4	Urfolk	24
3.3	Reform av Tryggingsrådet	10	6.5	Kvinner	24
3.4	Fredsbyggingskommisjonen	10	6.6	Barn	25
3.5	Humanitære spørsmål	11	7	UNHCR	25
3.6	Hiv / Aids	11			
3.7	Migrasjon	12		Avkolonisering og fredstryggjande operasjonar (4. komité)	26
3.8	Afrika-spørsmål	12	7.1	Vest-Sahara	26
3.9	Regionale konfliktar	12	7.2	Midtausten	26
3.10	Havretts- og fiskerispørsmål	12	7.3	Fredsbevarande operasjonar	26
3.11	Den internasjonale domstolen i Haag	13	8		
3.12	Den internasjonale straffedomstolen ..	14	8.1	Administrative og budsjettmessige spørsmål (5. komité)	28
3.13	Dei internasjonale straffedomstolane for det tidlegare Jugoslavia og Rwanda	14	8.2	FNs regulære budsjett for perioden 2007–2008	28
3.14	Rapporten frå Generalsekretæren om arbeidet i organisasjonen	15	8.3	Finansiering av FNs krigsforbrytardomstolar	28
4	Nedrusting og tryggleik (1. komité)	16	8.4	Finansiering av FNs fredsbevarande operasjonar	28
4.1	Generelt	16	8.5	FNs finansielle situasjon	28
4.2	Det multilaterale nedrustingsmaskineriet	16	8.6	Reformspørsmål	28
4.3	Kjernevåpen og andre masseøydeleggingsvåpen	17	8.7	Tilsyn og kontroll	29
4.4	Handvåpen og andre konvensjonelle våpen	17	9	Andre spørsmål	29
4.5	Reform	17	9.1		
			9.2	Juridiske spørsmål (6. komité)	30
			9.3	Generelle spørsmål	30
				Terrorisme	30
				Folkerettskommisjonen	31

Vedlegg			
1	Tale av Jens Stoltenberg, statsminister i Noreg, til generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane, 61. sesjon	3 4 5	Programbudsjettet 2006–2007 Oversikt over Noregs innlegg under den 61. generalforsamlinga FN sine medlemsland og bidragsskalaen
2	Statsminister Jens Stoltenbergs tale ved overleveringa av rapporten «Delivering as One» (Levere saman som ein)	6 7	FN-systemet Forkortingar

St.meld. nr. 25

(2006–2007)

Om Noregs deltaking i den 61. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 60. generalforsamlinga i FN

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 20. april 2007
godkjend i statsråd same dagen.
(Rejeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

1.1 Generelt

Den 61. generalforsamlinga har vore prega av nokre tilbakeslag for reformene som blei vedtekne på den førre generalforsamlinga. Det kommande skiftet av generalsekretær førte dessutan til at haustsesjonen bar preg av ei overgangstid. Kofi Annan freista heilt til siste slutt å bringe reformprosessen han sjølv sette i gang, i hamn, og har i stor grad lukkast med det. Det står att å sjå korleis den nye Generalsekretären vil føre den prosessen vidare.

Dei underliggjande konfliktane mellom nord og sør og mellom Generalforsamlinga og særleg dei dominante maktene som har fast plass i Tryggingsrådet, som blei sette på spissen under reformprosessen, har framleis sett sitt preg på arbeidet i organisasjonen. På somme område har det vore tendensar til omkamp frå Den alliansefrie rørsla og utviklingslanda si side (NAM/G-77), noko både arbeidet i Fredsbyggingskommisjonen og Menneskerettsrådet ber eit visst preg av. Bud-

sjettkomiteen i FN, som tradisjonelt har arbeidd på grunnlag av konsensusprinsippet, har til dels blitt hovudarena for omkampane, og det har vore fleire avrøystingar i komiteen om dei implikasjonane politisk sensitive saker har for budsjettet. Atmosfæren har vore prega av konfrontasjon.

Rekneskapen for fjorårsessjonen vil utan tvil måtte bli noko blanda. På den positive sida er det grunn til å merkje seg at arbeidet i Fredsbyggingskommisjonen har komme godt i gang, særleg i det landspesifikke formatet (Burundi og Sierra Leone).

Rapporten frå Reformpanelet under leiing av Noregs statsminister og statsministrane frå Pakistan og Mosambik, som blei lagd fram i midten av november, har fått stor merksemeld og vil leggje føringar på det vidare reformarbeidet. Slik sett er det positivt at pilotland for eitt FN på landnivå blir sett i gang raskt og utan ein lang og splittande debatt mellom medlemslanda.

Av konkrete vedtak som er fatta, er det grunn til å trekke fram avgjerda om å renovere den 54 år

Om Noregs deltaking i den 61. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 60. generalforsamlinga i FN

gamle FN-bygningen, eit arbeid som er planlagt å vere ferdig i 2014. Eit anna viktig resultat er at ein konvensjon for funksjonshemma blei vedteken. Generalforsamlinga vedtok òg ein konvensjon om vern mot forsvinningar under tvang.

I arbeidet med miljø- og klimaspørsmåla har det vore lite rørsle, sjølv om problematikken stadig kjem høgare på den internasjonale dagsordenen. I forhandlingane om årets korruptionsresolusjon blei det avslørt manglande vilje frå somme land til å ta i bruk konkrete verkemiddel. Debatten i Generalforsamlinga om reform av Tryggingsrådet viste lite rørsle, sjølv om det blir utøvd ein viss fleksibilitet når det gjeld vetospørsmålet og arbeidsmetodane i rådet. Hovudskiljet går mellom land som ønskjer fleire faste medlemmer, og land som på prinsipielt grunnlag meiner at medlemmene i Tryggingsrådet ikkje bør vere faste, men heller stille til val i Generalforsamlinga.

Det var eit tilbakeslag at vedtaket om ein urfolkskonvensjon, som blei gjort av Menneskerettsrådet i Genève, blei utsett etter initiativ frå den afrikanske gruppa. Den vidare prosessen i denne saka er uklar.

Fra norsk side har det blitt arbeidd særleg aktivt både i Fredsbyggingskommisjonen, i og med at Noreg har viseformannskapen i organisasjonskomiteen og formannen i Burundi-formatet, og formannskapen i 1. komité. Presidenten i Generalforsamlinga har òg trekt inn Noreg i spørsmålet om tilhøvet mellom FN og det sivile samfunnet. Dei ikkje-statlege organisasjonane kjem med mange lovord om den rolla Noreg har teke på seg på dette feltet.

1.2 Generaldebatten

Temaet for generaldebatten i år var «gjennomføring av ein global partnarskap for utvikling». I det siste innlegget sitt som FNs generalsekretær i opningsdebatten i Generalforsamlinga fokuserte Kofi Annan på tryggleik, utvikling og menneskerettar, og peikte på at ein har ein lang veg å gå når det gjeld desse områda.

Reformprosessen var eit gjennomgåande tema i generaldebatten i år òg. Det blei gjeve støtte til det nye Menneskerettsrådet, og både rådet og den nye Fredsbyggingskommisjonen blei trekte fram som positive reformtiltak. FNs terrorismestrategi blei helst velkommen av mange land både frå nord og sør. Reform av Tryggingsrådet var eit utbreidd tema mellom utviklingslanda, og det blei retta mykje kritikk mot den noverande strukturen til rådet. Handel, og at det er viktig med framgang i

WTO-forhandlingane, blei trekt fram av dei fleste av utviklingslanda som sjølv nøkkelen til utvikling, og vestlege land blei bedne om å gje utviklingsland betre tilgang og å opne marknadene sine for handel med utviklingsland.

Når det gjeld regionale konfliktar, fekk situasjonen i Midtausten merksemd i debatten med mykje kritikk frå arabiske land mot Israel etter bombinga av Libanon i sommar. Presidenten i USA fokuserte òg på Midtausten i innlegget sitt og la vekt på den innsatsen USA har gjort for å hjelpe regionen i å konsolidere utvikling, demokrati og framgang. Vidare kritiserte USA leiinga i Iran. Iran blei frå fleire hald bede om å sleppe IAEA inn i landet, og mange oppmoda om å bruke diplomati og dialog når det gjaldt atomprogrammet til Iran. Behovet for å finne ei løysing på konflikten i Darfur blei av mange av dei vestlege landa og av afrikanske land trekt fram som ei av dei store utfordringane verdsamfunnet står overfor.

Noreg ved statsminister Stoltenberg la i sitt innlegg vekt på tilrådingane frå FN-reformpanelet, som den norske statsministeren var med å leie, om at det er viktig med eit samordna og effektivisert FN på landplan for at organisasjonen skal kunne levere meir og betre støtte til utviklingslanda.

1.3 Komitéarbeidet

1. komité: Årets sesjon i 1. komité, under norsk formannskap ved ambassadør Juul, var prega av mindre konsensus i form av talet på avrøytingar, medan debatten og forhandlingane om resolusjonane var konstruktive og konsensusbyggjande over tid. I årets sesjon var det mindre prosedyreproblem enn det som har kjenneteikna arbeidet til komiteen (ofte knytt opp til Midtausten-konflikten), og sesjonen blei gjennomført på ein meir effektiv måte i tråd med dei reformtiltaka som er vedtekne når det gjeld arbeidsmetodane. Nytt av året var at formannskapen innførte eit NGO-segment der fire ikkje-statlege organisasjonar blei inviterte til å innleie om tema kjernevåpen og handvåpen. Tilbakemeldingane til formannskapen frå andre medlemsland var positive.

2. komité: Arbeidet og forhandlingsklimaet i 2. komité har denne hausten vore mindre konfronterande enn under den førre generalforsamlinga. Komiteen er langt frå å vere ein verkstad for politikkutvikling, og har i liten grad tent som arena for å drive saker framover. Råvareresolusjonen, der Noreg var tilretteleggjar, utgjorde i denne sammenhengen eit lyspunkt sidan ein klarte å forhandle

fram eit konsensusresultat også i spørsmål som tidlegare har blitt tekne opp til voting.

3. komité: 3. komité har i stor grad vore prega av den samme konflikten som óg har prega Menneskerettsrådet. Striden om rapporteringslinjene frå rådet og urfolkserklæringa er døme på dette. Dessutan har vi sett ein samordna innsats frå NAM-land for å hindre landspesifikke resolusjonar.

4. komité: I 4. komité er det tradisjonelt Midtausten og palestinarane si sak som dominerer dagsordenen. Spørsmålet om situasjonen i Vest-Sahara fekk likevel omfattande merksemd etter at Marokko og Algerie ikkje blei samde om ein resolusjon som var identisk med konsensusteksten frå i fjor. Etter lange konsultasjonar og fleire utsetjingar gjekk komiteen omsider til voting over resolusjonen. Resolusjonen blei vedteken med 76 røyster for og 72 avst  ingar. Resolusjonane om Midtausten og situasjonen til palestinarane blei vedtekne i tr  d med r  ystemnsteret fr   tidlegare sesjonar. Debatten om FN-leidde fredsoperasjonar blei prega av dei utfordingane som følgjer av at ein dei seinare   ra har hatt ein omfattande auke i talet p   personell parallelt med at mandata har blitt meir komplekse.

5. komité: 5. komité har i haust utvikla seg til arena for omkampar, og konsensusprinsippet som tradisjonelt har vore berande for arbeidet i komiteen, har vore under press. Det har i haust vore fleire avr  ystingar i komiteen om dei implikasjonane politisk sensitive saker har for budsjettet, og atmosf  ren har heilt til siste slutt vore prega av konfrontasjon.

6. komité: Forhandlingane om dei ulike spørsm  la i 6. komité har ikkje skilt seg vesentleg fr   tidlegare   r. Det er verdt    nemne at svenske Marie Jacobsson blei vald inn som ny nordisk medlem av Folkerettskommisjonen.

1.4 Plenum/Andre viktige saker

Fredsbyggingskommisjonen

Noreg har ei leiarrolle i Fredsbyggingskommisjonen ved at Noreg, ved ambassad  r L  vald, er viseformann i organisasjonskomiteen og formann i Burundi-formatet. Arbeidet har i startfasen vore krevjande, men Noreg har hausta stor velvilje og mange lovord for den jobben som er gjort, og som vil krevje mykje også framover.

Menneskerettsrådet

Det var eit tilbakeslag at handsaminga av ei urfolkserkl  ring som blei vedteken av Menneskerettsrådet i Gen  ve, blei utsett etter initiativ fr   den afrikanske gruppa. Den vidare prosessen i denne saka er uklar. Utsetjinga av denne erklaeringa vitnar om trongen i somme kretsar i Generalforsamlinga til    vise styrke overfor det nye Menneskerettsrådet. Det faktum at det heller ikkje l  t seg gjennomf  re, trass i iherdige fors  k, at Menneskerettsrådet skulle rapportere berre direkte i plenum og ikkje gjennom 3. komité òg, ber bod om den same tronken til omkamp.

Havretts- og fiskerisp  rsm  l

B  de havrettsresolusjonen og fiskeriresolusjonen blei vedtekne etter til dels sv  rt vanskelege forhandlingar i uformelt plenum.

Terrorisme

Det har ikkje vore framdrift i forhandlingane om terrorismekonvensjonen og definisjonen av terrorisme. Dette trass i at terrorismestrategien blei vedteken p   tampen av Generalforsamlinga i fjor, og trass i at FN-toppm  tet i 2005 utan etterhald f  d  mde alle former for terrorisme.

1.5 Samarbeidet med andre land og grupper

Samarbeidet i den nordiske gruppa er blitt aktivt vidaref  rt. Der det l  t seg gjere, av omsyn til EU-samarbeidet, b  r det framleis leggjast vekt p   at dei nordiske landa skal opptre samla i FN.

Noreg er aktivt med i vennegruppa for UNMEE og Somalia, kontaktgruppa for Sudan og kjernegruppa for Nord-Uganda.

Arbeidet med det s  kalla 7-landsinitiativet om nedrustning og ikkje-spreiing har ogs   blitt vidaref  rt, og den nye generalsekret  ren har vist interesse for ei oppf  lging.

Noreg har p   somme omr  de hatt ei rolle som brubyggjar mellom G-77 og dei vestlege landa som f  lgje av at kontakten med G-77 er blitt bygd ut.

Noreg leidde ogs   arbeidet med ei ministererkl  ring i h  ve fem  rsgjennomgangen av handlingsprogrammet for dei minst utvikla landa (MUL).

2 Konstituering og val

2.1 Avslutning av den 60. generalforsamlinga

Den 60. generalforsamlinga blei formelt avslutta 11. september 2006.

2.2 Oppnemning av delegasjon til den 61. generalforsamlinga

Til å representere Noreg på FNs 61. generalforsamling blei denne delegasjonen oppnemnd:
 Statsminister Jens Stoltenberg, leiar
 Utanriksminister Jonas Gahr Støre, nestleiar
 Ambassadør Johan Ludvik Løvald

Stortingsrepresentantar:

Første del av sesjonen

Ingebrig S. Sørfonn
 Olemic Thommessen
 Sonja Mandt-Bartholsen
 Torfinn Opheim
 Solveig Horne
 Anna Ljunggren

Andre del av sesjonen

Trond Helleland
 Hallgeir H. Langeland
 Jon Jæger Gåsvatn
 Kåre Fostervold
 Saera Khan
 Thomas Breen

Observatørar:

Landsorganisasjonen i Noreg, LO
 Næringslivets hovudorganisasjon, NHO
 FOKUS
 FN-sambandet
 Noregs Fredsråd
 Flyktninghjelpa
 EURO Juris

2.3 Organisering av den 61. generalforsamlinga

Den 61. generalforsamlinga blei opna 12. september 2006. Generaldebatten byrja 19. september og blei avslutta 27. september.

2.4 Konstituering og val

Den 61. generalforsamlinga valde Haya Rashed Al Khalifa, tidlegare juridisk rådgjevar for kongefamilien i Bahrain, til president. Den 61. generalforsamlinga valde desse fem landa som nye, ikkje faste medlemmer av Tryggingsrådet for perioden 2007–2008: Belgia, Indonesia, Italia, Panama og Sør-Afrika. Den 61. generalforsamlinga valde desse 18 statane som nye medlemmer av ECOSOC for perioden 2007–2009: Algerie, Barbados, Bolivia, Canada, El Salvador, Filippinane, Kviterussland, Indonesia, Irak, Kapp Verde, Kasakhstan, Luxembourg, Malawi, Nederland, Romania, Somalia, Sudan og USA.

Den 61. generalforsamlinga valde følgjande nye medlemmer til Folkerettskommisjonen: Ali Mohsen Fetais Al-Marri (Qatar), Ian Brownlie (Storbritannia), Lucius Caflisch (Sveits), Enrique Candiotti (Argentina), Pedro Comissario Afonso (Mosambik), Christopher Dugard (Sør-Afrika), Paula Ventura de Carvalho Escarameia (Portugal), Salifou Fomba (Mali), Giorgio Gaja (Italia), Zdzislaw W. Galicki (Polen), Hussein A. Hassouna (Egypt), Mahmoud D. Hmoud (Jordan), Marie Jacobsson (Sverige), Maurice Kamto (Kamerun), Fathi Kemicha (Tunisia), Roman Anatolyevitch Kolodkin (Russland), Donald McRae (Canada), Teodor Viorel Melescanu (Romania), Bernd H. Niehaus (Costa Rica), Georg Nolte (Tyskland), Bayo Ojo (Nigeria), Alain Pellet (Frankrike), A. Rohan Perera (Sri Lanka), Ernest Petric (Slovenia), Gilberto Vergne Saboia (Brasil), Narinder Singh (India), Eduardo Valencia-Ospina (Colombia), Edmundo Vargas Carreño (Chile), Marcelo Vázquez-Bermudez (Ecuador), Amos S. Wako (Kenya), Nugroho Wisnumurti (Indonesia), Hanqin Xue (Kina) og Chusei Yamada (Japan) for den neste femårsperioden. Ein vellukka felles nordisk kampanje førte til at den nordiske kandidaten, Marie Jacobsson, blei vald inn med god margin.

3 Saker i plenum

3.1 Generaldebatten

Temaet for generaldebatten i år var «gjennomføring av ein global partnarskap for utvikling». I det siste innlegget sitt i opningsdebatten i generalforsamlinga fokuserte generalsekretær Annan på tryggleik, utvikling og menneskerettar, og stadfeste at desse utfordringane ikkje er blitt løyste i tiårsperioden hans som generalsekretær, men snarare er styrkte gjennom ein uroleg verdsøkonomi, politisk uro og ei utbreidd forakt for menneskerettar og rettstryggleik.

Reformprosessen var eit gjennomgåande tema i generaldebatten i år òg. Det blei stort sett gjeve støtte til det nye Menneskerettsrådet, og både rådet og Fredsbyggingskommisjonen blei trekte fram som positive reformtiltak. FNs terrorisimestrategi blei helst velkommen av mange land både frå nord og sør. OCHAs nyopprettet Central Emergency Response Fund (CERF) hausta òg mykje ros. Reform av Tryggingsrådet var eit gjennomgåande tema hos utviklingslanda, og det blei retta mykje kritikk mot den noverande strukturen til rådet. I tillegg var det mange som trekte fram ei styrking av Generalforsamlinga og ECOSOC. Handel, og at det er viktig med framgang i WTO-forhandlingane, blei trekt fram av dei fleste av utviklingslanda som sjølve nøkkelen til utvikling, og vestlege land blei bedne om å gje utviklingsland betre tilgang og å opne opp marknadene sine for handel med utviklingsland.

Når det gjeld regionale konfliktar, fekk situasjonen i Midtausten merksemd i debatten med mykje kritikk frå arabiske land mot Israel etter bombinga av Libanon i sommar. Finland la på vegner av EU vekt på at fred i Midtausten berre kan oppnåast gjennom ei forplikting som fører fram til ein sjølvstendig, levedyktig palestinsk stat som lever i fred med Israel. USA fokuserte òg på Midtausten i innlegget sitt, og brukte mykje av innlegget på å appellere til folka i denne regionen og la vekt på den innsatsen USA har gjort for å hjelpe regionen i å konsolidere utvikling, demokrati og framgang. Iran blei frå fleire hald bede om å sleppe IAEA inn i landet, og mange bad om diplomati og dialog når det gjaldt atomprogrammet til Iran. Behovet for å finne ei løysing på konflikten i Darfur blei trekt fram av

mange av vestlanda og av afrikanske land. Sudan presiserte på si side at det ikkje vil kunne bli utplassert nokon internasjonal styrke i Darfur utan samtykke frå presidenten.

Det mest fargerike innspelet i Generalforsamlinga kom frå Venezuelas president Hugo Chávez, som gjekk hardt ut mot president Bush og politikken til USA og skulda regjeringa i USA for å utnytte, plyndre og true resten av verda.

Noreg la i sitt innlegg vekt på den viktige rolla FN har i internasjonal politikk. Vidare blei det lagt vekt på tilrådingane frå FN-reformpanelet, som den norske statsministeren er med å leie, om å samordne og effektivisere FN på landplan for å setje organisasjonen i stand til å kunne levere meir og betre støtte til utviklingslanda. Det ansvaret verdssamfunnet har for å oppnå tusenårsmål 4 om å sikre at barn overlever, blei framheva. Trongen for auka innsats for likestilling blei òg vektlagd.

3.2 Oppfølging av FN-toppmøtet 2005

Reformer av bistandsverksemda til FN

FN-toppmøtet i 2005 bad Generalsekretæren om å komme med framlegg til ytterlegare reformer av bistandsverksemda til FN. Generalsekretæren følgde opp dette på nyåret 2006 då han bad statsminister Stoltenberg om å leie eit høgnivåpanel som skulle sjå på korleis ein kunne gjere FN meir effektivt innan utviklingshjelp, humanitær bistand og miljø. Høgnivåpanelet var sett saman av 13 medlemmer frå gjevarland og mottakarland. Medformann var statsministrane frå Pakistan og Mosambik. Panelet arbeidde i seks månader.

Den 9. november 2006 overleverte statsminister Stoltenberg rapporten frå høgnivåpanelet til Generalsekretæren, og presenterte samstundes framlegga i eit møte med FNs generalforsamling. Bodskapen frå panelet var at det er heilt naudsynt med reformer for å sikre den høge legitimitet og den evna FN har til å nå tusenårsmåla. Eit meir einskapleg, samordna og effektivt FN har utsikt til å bli berebjelken i det internasjonale utviklingssamarbeidet. Dei mange fonda, programma og særorganisasjonane i FN må samarbeide på ein ny måte. På landnivå må dei ulike FN-kontora samlast til eitt

kontor med éin leiar, eitt program og eitt budsjett. Organisasjonane i FN-systemet må samarbeide betre og tettare, og administrasjonen, økonomistyringa og personalforvaltninga må moderniserast. Det blir føreslege å styrke det arbeidet FN gjer med kvinner og likestilling og å betre handteringen av humanitære saker og miljøet. Nye mellomstatlege styringsstrukturar skal sikre at FN opptrer og leverer meir samla og effektivt.

FNs generalsekretær gav i desember 2006 si fulle støtte til tilrådingane frå høgnivåpanelet, og har bede medlemslanda om å gjere dei vedtaka som er naudsynte for å setje i verk reformene. Generalsekretæren var sjølv raskt på banen og sette i gang ei rekkje tiltak for å modernisere FN-systemet i tillegg til å sikre eit tettare samarbeid mellom organisasjonane. Vidare gav han instruks om at det skulle setjast i verk pilotprosjekt i fleire mottakarland for «Eitt FN» på landnivå. Han har òg komme med framlegg til å styrke arbeidet med kvinne- og likestillingsspørsmål. Arbeidet med å gjennomføre reformframlegga vil bli vidareført i 2007. Det er forventa at forhandlingane om nye ordningar for styring og finansiering av bistandsverksemda til FN vil bli krevjande. Det vil òg bli ei utfordring å sikre støtte til reformene frå dei mange særorganisasjonane i FN.

Reformer av FNs sosiale og økonomiske råd (ECOSOC)

Som eit ledd i oppfølginga av erklæringa frå FN-toppmøtet i 2005, og etter press frå utviklingslanda, blei det under den 60. generalforsamlinga semje om å styrke ECOSOC. Det var derimot meir krevjande å semjast om kva reformer som er naudsynte for å få dette til. Difor tok det nærrare eitt år før forhandlingane blei sluttførte. Vedtaket som endeleg blei fatta med konsensus under den 61. generalforsamlinga, er ikkje svært omfattande, men inneholder nokre nye tiltak med sikte på å gjere ECOSOC meir relevant og tyngre når det gjeld å handtere utviklingspolitiske spørsmål. Det blir lagt opp til at medlemslanda årleg skal møtast på ministernivå for mellom anna å gjere opp status for arbeidet med å nå tusenårsmåla. Møta blir lagde til ECOSOCs hovudsesjon. I tillegg vil det annakvart år bli arrangert eit høgnivåforum for utvikling. Formålet med dette er å få auka internasjonaltrykk i arbeidet med å løyse sentrale utfordringar i utviklingssamarbeidet. Verdsbanken, WTO, det sivile samfunnet og privat sektor vil òg bli inviterte til å delta på desse møta. Det første utviklingsforumet vil bli halde i 2007.

3.3 Reform av Tryggingsrådet

Debatten om reform av Tryggingsrådet starta for alvor i kjølvatnet av Generalsekretærrens rapport «In Larger Freedom» frå 2005, og pågjekk fram mot toppmøtet i 2005. Det er framleis brei semje om at Tryggingsrådet i si noverande form ikkje speglar dei demografiske og politiske realitetane i det 21. hundreåret og difor må reformerast. Det er likevel inga semje om korleis utvidinga bør skje, og dei ulike framlegga og alliansane som har utkrysstellisert seg, nøytraliserer kvarandre slik at det ikkje er det naudsynte 2/3-fleirtalet for nokon av framlegga. Det er tre «leirar» i spørsmålet. G4-landa Japan, Tyskland, India og Brasil ønskjer ei utviding til 25 plassar med fast medlemskap for fleire land, mellom anna dei sjølv. I motsetnad til dette framlegget står «konsensusgruppa», med Italia og Pakistan i spissen, som meiner at ei utviding av Tryggingsrådet må skje med konsensus og at talet på faste medlemmer ikkje bør aukast. Eit tredje framlegg er kravet frå AU og dei afrikanske landa om 26 medlemmer og fleire faste medlemmer med vetoret.

Reformsaka kom opp til handsaming i plenum medio desember, og eit syttals medlemsland teikna seg på talarlista. I den debatten som følgde, kom det fram kjende synspunkt, og det blei tidleg klart at det ikkje var endring i posisjonane, og dermed ikkje grunnlag for noko av dei tre framlegga. Frå norsk side blei støtta til å utvide rådet med både faste og fleire valde medlemmer gjenteken. I oppsummeringa av debatten signaliserte presidenten at ho vil rådføre seg med nøkkelland og komme attende på eit seinare tidspunkt med eventuelle framlegg til korleis ein kan føre prosessen vidare.

I debatten kom fleire inn på framlegget om å reformere arbeidsmetodane i Tryggingsrådet, det såkalla S5-framlegget, der Costa Rica, Jordan, Liechtenstein, Singapore og Sveits har komme med eit framlegg om korleis arbeidsmetodane i rådet kan bli betre. Framlegget har ikkje støtte frå dei permanente medlemmene. Desse meiner at det i samsvar med FN-pakta er rådet sitt mandat sjølv å fastsetje sin eigen forretningsorden. I debatten blei det vist til at arbeidsmetodane og ei reform av desse må sjåast i samanheng med ei strukturell reform av rådet.

3.4 Fredsbyggingskommisjonen

FN har gode resultat når det gjeld å hindre krig mellom statar, men har veike punkt organisatorisk når det gjeld å hindre og førebyggje interne kon-

fliktar og å hjelpe svake statar som nyleg har komme ut av interne konfliktar. Med bakgrunn i dette vedtok toppmøtet i september 2005 å opprette ein fredsbyggingskommisjon som eit rådgjevande organ under Tryggingsrådet og Generalforsamlinga, eit fredsbyggingskontor og eit fredsbyggingsfond. Fredsbyggingskommisjonen hadde opningsmøte i juni 2006, der Angola blei valt til leiar og Noreg og El Salvador nestleiarar.

Det landspesifikke arbeidet til kommisjonen har byrja, med Burundi og Sierra Leone som dei første landa på agendaen til kommisjonen. Det har vore halde to møte om høvesvis Burundi og Sierra Leone, og det er identifisert prioritetsområde for fredsbygging i begge land. Noreg har ansvaret for å leie arbeidet når det gjeld Burundi.

Kommisjonen har sidan han blei vedteken oppretta under den førre generalforsamlinga, vore prega av kjende motsetnader mellom medlemslanda, som venta er når det blir oppretta eit nytt sentralt organ i FN. Debatten om deltaking utover medlemslanda er særleg omdiskutert. Det er likevel brei semje om at FN må prioritere dette nye satingsområdet.

Kontoret for fredsbygging er oppretta i sekretariatet. Kontoret har mellom anna ansvar for å hjelpe kommisjonen, utføre strategisk arbeid og administrere Fredsbyggingsfondet. Noreg har medverka med 200 millionar kroner til fondet.

3.5 Humanitære spørsmål

Debatten om å styrke samordninga av den humanitære bistanden frå FN gjekk i kjende spor. Ei rekke land uttrykte støtte til den reformprosessen som er i gang, og at det er viktig å effektivisere samordninga og leveringa av den humanitære bistanden. Den såkalla klyngjetilnærminga blei trekt fram av alle dei store gjevarlanda som ei positiv tilnærming som bør halde fram. Somme land var likevel skeptiske til modellen, med den grunngjevinga at det er fare for å undergrave den rolla og innverknaden mottakarlanda har på bistanden, og at det er for tidleg å omfamne modellen då han ikkje i tilstrekkeleg grad er gjennomført i praksis. ICRC understreka at dei var positive til å arbeide med dei ulike klyngjene, men at organisasjonen ikkje formelt kan slutte seg til modellen.

Ein gjengangar i debatten var ros til visegeneralsekretær Jan Egeland for innsatsen hans. Opprettinna av *Central Emergency Response Fund* (CERF) blei spesielt trekt fram i denne samanhengen. Samtidig som det blei uttrykt støtte til CERF, blei det frå fleire hald peikt på at det er naudsynt

med forbetringar når det gjeld å operasjonalisere fondet, i tillegg til at gjevarbasen bør utvidast. Somme land stilte seg også tvilande til i kva grad CERF er til hjelp ved underfinanserte humanitære kriser.

Eit anna tema som fekk merksemd, var behovet for å styrke arbeidet for å sikre eit likestillingsperspektiv i bistanden. Seksuell og kjønnsbasert vald blei nemnt av fleire, det same blei problemstillinger knytte til sivilt-militært samvirke i humanitære kriser.

Frå norsk side blei likestillingsperspektivet framheva. Det blei vidare peikt på at CERF er ein suksess så langt, og at det er viktig å halde oppe fleksibiliteten og den raske saksbehandlinga. Det blei òg annonserat at Noreg ville auke bidraget til fondet i 2007. Støtte til klyngjetilnærminga og høgnivåpanelet «Eitt FN» blei understreka, og dessutan at ein må sjå på sivilt-militært samarbeid frå eit humanitært perspektiv.

Forhandlingane om resolusjonen om å styrke samordninga av den humanitære bistanden frå FN var vanskelege. Det lét seg ikkje gjere å bli samde om vedtak som gjekk vidare enn tidlegare resolusjonar om vern, tilgang, internflyktningar og anna innan reformprosessen. Derimot blei det tilslutting til omtale av kjønnsbasert vald, for første gong i denne samanhengen.

Når det gjeld resolusjonen om tryggleik for FN-personell, lét det seg ikkje gjere å semjast om tilleggsprotokollen til konvensjonen om tryggleik for FN-personell.

Vidare blei det vedteke resolusjonar om humanitær bistand til Liberia, Angola, Filippinane, det palestinske folket og dei landa som blei ramma av tsunamien. Resolusjonen om bistand til det palestinske folket blei vedteken ved votering.

3.6 Hiv / Aids

I 2001 hadde FN ein spesialsjon om hiv/aids der den såkalla «Declaration of Commitments» blei vedteken. Våren 2006 blei denne følgd opp med eit nytt toppmøte som vedtok ein resolusjon med oppdaterte mål og plikter. Generalforsamlinga har kvart år eit punkt på dagsordenen der det blir gjort opp status for desse målsetjingane og pliktene.

Etter råd frå UNAIDS blei det avgjort at hand-saminga av dette punktet på dagsordenen skulle flyttast til våren 2007. Dette fordi medlemslanda i tråd med resolusjonen frå 2006 er forplikta til innan utgangen av året å rapportere status for hiv/aids-situasjonen og planar for å forbetra tiltak med sikte på å nå målsetjinga om universell tilgang til føre-

bygging, medisinsk behandling og oppfølging. Når ein har fått oversyn over desse rapportane, vil generalforsamlinga kunne vurdere denne saka meir føremålstenleg.

USA kom med framlegg til eit vedtak med tilråding om å innføre ein internasjonal dag for hiv-testing og rådgjeving i 2007. Fleire amerikanske byar har hatt god røysnle med slike markeringar. Noreg og fleire av våre likesinna land sette pris på initiativet, men åtvara samstundes om at ikkje alle land ville ha kapasitet til å takle den tilstrøyminga ein slik kampanje vil kunne føre til. Teksten som blei vedteken, tok difor høgd for at det vil bli gjennomført eventuelle nasjonale markeringar av ein internasjonal hiv/aids-testingsdag baserte på lokale prioriteringar og lokale tilhøve.

3.7 Migrasjon

FNs generalsekretær Kofi Annan leidde 14. og 15. september ein høgnivådialog i New York om temaet migrasjon og utvikling. Dette var første gongen FN hadde eit eige forum om samanhengen mellom migrasjon og utvikling. Hovudinntrykket frå møtet er at det internasjonale samfunnet er på god veg mot ei felles forståing av dei utfordringane ein står overfor når det gjeld migrasjon og utvikling. Utviklingsminister Erik Solheim leidde den norske delegasjonen. Innlegget til Solheim la vekt på dei positive aspekta ved migrasjon og at migrasjon bør vere eit val der migrantar har rettar. Rettane til kvinner og barn må løftast fram i det vidare arbeidet. Statsråden uttrykte òg støtte til framlegget frå Generalsekretæren om eit globalt forum, som ei oppfølging av høgnivådialogen.

3.8 Afrika-spørsmål

Debatten om Afrika-spørsmål la vekt på å støtte NEPAD som kontinentet si eiga drivkraft i arbeidet for utvikling, tryggleik og fred. Mange land var opptekne av Den afrikanske unionens freds- og tryggingsråd og det ansvaret det internasjonale samfunnet har for å støtte opp om rådet. To resolusjonar blei vedteke, ein om NEPAD og ein om årsakene til konflikt og fremjing av fred og berekraftig utvikling i Afrika.

3.9 Regionale konfliktar

Handsaminga av dagsordenspunktta om Midtausten og situasjonen til palestiniane blei som for-

venta ei gjentaking frå tidlegare år. I debatten var det stadig fleire land som var uroa over den stadig forverra humanitære situasjonen i dei palestinske områda. Avrøytingane over dei mange resolusjonane gjekk føre seg etter same mønster som tidlegare år. Når det gjaldt Afghanistan, blei dei to tradisjonelle resolusjonane (ein humanitær og ein politisk) slegne saman til ein resolusjon for å sikre ei meir heilskapleg tilnærming til situasjonen i landet. I debatten blei det uttrykt stor uro over den stadig forverra situasjonen i Afghanistan. Fleire medlemsland framheva behovet for auka innsats og samordning. Det blei òg gjeve brei støtte til Afghanistan Compact som rammeverket for internasjonal innsats i gjenreisinga av landet.

3.10 Havretts- og fiskerispørsmål

Generalforsamlinga er ein sentral arena for å profilere Noreg som ressursnasjon med viktige interesser på det marine området. Det norske hovudinnlegget på den 61. generalforsamlinga framheva det viktige i FN-avtalen om fiske på ope hav og resultata frå evalueringsskonferansen som blei halden under denne våren 2006. I det norske innlegget stod spørsmål knytte til trugsmål mot det marine økosystemet sentralt. Ulovleg, uregulert og urapportert fiske er eit stort problem til liks med ureining frå ulike kjelder.

Under den 61. generalforsamlinga sette Noreg fokus mellom anna på dei skadeverknadene utslepp av klimagassar har på det marine miljøet. Vidare blei det sett fokus på at ulovleg, uregulert og urapportert fiske er eit omfattande problem, men at landa eigentleg har dei naudsynte verke midla for å stoppe slik verksemnd. Det er særleg viktig å gjennomføre ein effektiv hamnestats- og flaggskipskontroll. Frå norsk side la ein òg stor vekt på at det blir etablert regionale forvaltningsorganisasjonar, slik det er gjort i Noreg sine nærområde, sidan berekraftig forvaltning av ressursane på ope hav krev internasjonalt samarbeid. Avgjerande for den marine miljøtilstanden er vidare til dømes tiltak mot landbasert ureining og destruktiv fiskepraksis, medrekna botntråling. I det norske innlegget blei det òg framheva kor viktig det er at ein i forvaltninga av marine område nyttar prinsippet om økosystemtilnærming, og det blei her vist til den norske forvaltningsplanen for Barentshavet. For at utviklingslanda skal kunne makte å oppfylle pliktene sine etter HRK og tilknytte avtalar og gjere seg nytte av dei marine ressursane på ein berekraftig måte, er det naudsynt å støtte opp om kapasitets- og institusjonsbygginga i desse landa.

Eit anna poeng i det norske innlegget var at den prosessen som er i gang for å avgrense statane sin kontinentalsockel utanfor 200 nautiske mil, er viktig som ledd i å gjennomføre føresegnene i HRK om dette. For mange land er 2009 fristen for å dokumentere yttergrensene for sokkelen for Kontinentalsockelkommisjonen som er oppretta under HRK. For mange utviklingsland er dette ei stor utfordring, og også på dette området er det naudsynt å støtte utviklingslanda. Noreg bidrog i 2006 med om lag 7 millionar kroner til eit FN-fond oppretta for dette formålet. Noreg la i november 2006 fram for Sokkelkommisjonen dokumentasjon på kor mykje av norsk kontinentalsockel som strekker seg utanfor 200 nautiske mil i våre nærområde.

Vedtaka frå Generalforsamlinga, som omfattar heile den havpolitiske agendaen, inneber mellom anna avgjerd om at vidare problemstillingar knytte til biodiversitet utanfor nasjonale soner, medrekna forvaltning av genressursar, vitskapens rolle i forvaltninga og utvikling av biologiske ressursar og områdebaserte forvaltningstiltak, skal drøftast i ei eiga arbeidsgruppe. Eit framlegg frå EU om å starte forhandlingar om ein havrettsleg avtale om marine verneområde alt no, førte ikkje fram. Det norske synet er at ein i dagens situasjon kan sikre vernet av marine område ved å styrke gjennomføringa av etablerte avtalar og ordningar, og at vidare tiltak må vurderast i lys av arbeidet i arbeidsgruppa. Etter eit norsk framlegg blei det semje om å uttrykkje uro over dei skadelege verknadene som ein forventar at klimaendringane vil ha på marint miljø.

Under den 59. generalforsamlinga stod problemstillingar knytte til vern av sårbarer habitat på havbotnen sentralt i drøftingane. Etter svært vanskelege forhandlingar blei det semje om å oppmode statane om å vurdere eit mellombels forbod mot skadeleg fiskeripraksis, medrekna botntråling. Noreg var den gongen pådrivar for å få dette gjennom, og det blei òg vedteke å evaluere dei tiltaka som var trefte, på den 61. generalforsamlinga. På denne generalforsamlinga stod partane òg i utgangspunktet langt frå kvarandre. Sjølv om det ikkje blei semje om eit forbod mot bruk av skadeleg fiskereiskap i uregulerte område på ope hav, slik Noreg og ei rekke andre land føreslo, blei det derimot semje om omfattande tiltak mot fiskeriaktivitet som kan skade sårbarer område på ope hav. Etter norsk initiativ blei det vidare semje om å setje i gang ein prosess i FAO med siktet på å forhandle fram ein rettsleg bindande avtale om hamnestatskontroll som reiskap mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske. Det blei òg semje om norske framlegg om eit auka samarbeid knytt til å klargjere det

ansvaret flaggstatare har for fiskebåtane sine, ei auka utveksling av informasjon om kvoter og landa fisk som ledd i kampen mot slikt fiske, og ei styrking av oppmodinga i resolusjonen om å prioritere gjennomføringa av Johannesburg-planen når det gjeld fiskeri. Etter framlegg frå Noreg og EU blei det òg semje om å oppmode statane om å gjere meir for å hjelpe utviklingsland til å bli part i FN-avtalen om fiske på ope hav.

Noreg stod som medframleggsstillar til begge resolusjonane. Fiskeriresolusjonen blei vedteken med konsensus, medan havrettsresolusjonen blei kravd teken opp til avrøyting av Venezuela (som ikkje er part i HRK), som røysta mot. Tre land avstod.

3.11 Den internasjonale domstolen i Haag

Den internasjonale domstolen i Haag feira 60-årsjubileum i 2006. Domstolen er ein integrert del av FN-pakta, og er eitt av hovudorgana i FN, med sete i Haag.

Domstolen sin kompetanse er for det første å avgjere tvistar mellom statar, vanlegvis avgjerder om grensefastsetjing, suverenitetsspørsmål, diplomatiske relasjoner, spørsmål om nasjonalitet osb. Domstolen kjem òg med fråsegner i saker som er lagde fram for domstolen av internasjonale organisasjonar, medrekna Generalforsamlinga i FN. Som eit døme gav domstolen i 2004 ei slik rådgjevande fråsagn om at muren som er sett opp av Israel i palestinske område, er i strid med folkeretten. Medlemslanda i FN er medlemmer av domstolen, men for at domstolen skal vere kompetent til å avgjere saker, må statane ha akseptert domstolens jurisdiksjon. Sekstisju medlemsland har akseptert domstolens jurisdiksjon.

Domstolen er finansiert over det regulære FN-budsjettet, og rapporterer årleg til Generalforsamlinga. Presidenten for domstolen, Rosalyn Higgins, gjorde greie for verksemda ved domstolen. For seksti år sidan var Den internasjonale domstolen i Haag så godt som den einaste internasjonale tvisteløysingsmekanismen, medan ein i dag har ei lang rekke ulike mekanismar på område som havratten, menneskerettane, handelsretten osb., og Higgins hevda at det no er ein viss risiko for fragmentering og mangel på konsistens i utviklinga av rettslege normer. Domstolen handsamar for tida tolvt saker. Desse omfattar mellom anna skuldingar om brot på menneskerettane, bruk av makt og delte naturressursar.

Resolusjonen frå Generalforsamlinga i høve 60-årsjubileet blei vedteken med konsensus, og oppmodar statane om å akseptere Den internasjonale domstolen sin kompetanse.

3.12 Den internasjonale straffedomstolen

Vedtekten til Den internasjonale straffedomstolen (ICC) blei vedtekne på ein diplomatkonferanse i Roma i 1998 og tredde i kraft i 2002. Noreg har høyrt til gruppa som har vore pådrivar for å opprette domstolen, som har sete i Haag.

Domstolen er no fullt ut operativ og rapporterer til Generalforsamlinga på årleg basis. Presidenten for domstolen, Philippe Kirsch, presenterte den andre årlege rapporten frå domstolen. To nye land, Saint Kitts og Nevis og Tsjad, har slutta seg til Roma-vedtekten og fører talet på statspartar opp i 102. Domstolen førebudde sine første saker og etterforsking var i gang i Nord-Uganda, Den demokratiske republikken Kongo og Darfur. Kongo har overlevert éin person til domstolens varetak, og i Nord-Uganda har det blitt utført arrestordre mot fem personar. Kirsch peikte på dei vanskane domstolen møter når det gjeld å gjennomføre etterforsking i konfliktområde. Vidare understreka han at det var naudsynt at medlemslanda samarbeidde fullt ut, særleg når det gjeld arrestasjonar, innhenting av bevis, avhøyr og relokalisering av vitne. Han peika på at eit samarbeid mellom FN og domstolen, særleg på bakken, ville gjere domstolen meir effektiv.

I den debatten som følgde, peikte Noreg på at domstolen har ei svært viktig rolle å spele når det gjeld å sikre rettferd og halde forbrytarar straffertsleg ansvarlege. Dessutan at det er viktig at domstolen utfyller nasjonale domstolar. Ein er frå norsk side glad for det styrkte samarbeidet mellom domstolen og FN, og ein understreka vidare kor viktig det var med eit godt samarbeid mellom domstolen og medlemslanda. Fred og rettferd er to mål som heng saman. Det internasjonale samfunnet må arbeide for begge måla, også i vanskelege situasjonar der dei ein har grunn til å tru er lovbytarane, sit ved forhandlingsbordet, til dømes i samband med ein fredsavtale.

Resolusjonen til støtte for Den internasjonale straffedomstolen, der Noreg var medframleggsstiller, blei vedteken utan avrøysting. USA heldt likevel, slik ein har gjort dei tidlegare åra, eit innlegg der ein distanserte seg frå konsensus.

3.13 Dei internasjonale straffedomstolane for det tidlegare Jugoslavia og Rwanda

Den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) og Den internasjonale straffedomstolen for Rwanda (ICTR) blei oppretta av Tryggingsrådet i høvesvis 1993 og 1994. Mandatet til ICTY er å straffeforfølgje personar som er ansvarlege for folkemord, brotsverk mot menneskja og krigsbrotsverk utført i det tidlegare Jugoslavia etter 1991. Mandatet til ICTR er å straffeforfølgje personar som har utført folkemord, brotsverk mot menneskja og krigsbrotsverk i Rwanda, og dessutan rwandiske borgarar som er ansvarlege for slike brot i nabolandet i perioden 1.1.–31.12. 1994. Begge domstolane arbeider med å gradvis gjennomføre avslutningsstrategiane sine.

Domstolane blir finansierte over eigne budsjett fastsette av Generalforsamlinga og gjennom utlikna bidrag frå medlemslanda i FN. Begge domstolane rapporterer både til Generalforsamlinga og til Tryggingsrådet. På den 61. generalforsamlinga blei det halde ein felles debatt etter at presidentane for domstolane hadde lagt fram rapportane sine.

Nordmannen Erik Møse, president for ICTR, sa i innlegget sitt at domstolen har god framdrift når det gjeld strategien for å avslutte verksemda til domstolen innan 2008. Men ei hovudutfordring for domstolen er å få arrestert mistenkte forbrytarar. Dette krev samarbeid frå nasjonale styresmakter. Møse oppmoda òg landa til å akseptere at saker blir overførte til deira nasjonale domstolar, og oppmoda FN om å hjelpe til med å styrke nasjonale rettssystem. Det er avsagt seks nye dommar, og til saman 56 personar har til no fått avsagt dom eller er i aktive rettssaker.

Presidenten for ICTY, Fausto Pocar, gjorde greie for ulike tiltak domstolen har treft for å auke effektiviteten i forhandlingar og ankeforhandlingar. Saker mot i alt 97 av 106 tiltalte er avslutta. Førebuingfasen var forbetra med ei meir aktiv rolle for dommarane. Pocar appellerte òg til medlemslanda om å arrestere seks sentrale mistenkte som framleis er på frifot.

I den debatten som følgde, gav ein frå norsk side uttrykk for full støtte til krigsforbrytardomstolane, som har gjeve eit vesentleg bidrag til utviklinga av den internasjonale rettsordenen ved effektivt å straffeforfølgje personar som har utført alvorlege internasjonale kriminelle handlingar, og hevda at dersom mandata til domstolane skal oppfyllast på ein effektiv måte, må statane samarbeide, også når det gjeld dei finansielle forpliktingane dei har vis-à-vis domstolane.

3.14 Rapporten frå Generalsekretæren om arbeidet i organisasjonen

Generalsekretæren presenterer kvart år ein oversiktsrapport der arbeidet i ulike delar av organisasjonen blir oppsummert (A/61/1). I år var likevel denne rapporten viktigare enn vanleg. Grunnen til dette var at Generalsekretæren i rapporten gav uttrykk for at han ville innføre fleire nye delmål i tilknyting til tusenårsmåla («Millennium Development Goals /MDG»). Dei nye delmåla gjeld retten til anstendig arbeid, universell tilgang til aidsbehandling innan 2010, drastisk reduksjon i tap av biodiversitet innan 2010 og sist, men ikkje minst, eit delmål knytt til målsetjinga om universell tilgang til reproduktive helsetenester innan 2015.

Generalforsamlinga tok rapporten til etterretning samrøystes, og med dette sette dei òg sitt godkjenningsstempel på dei nemnde framlegga.

Fleire av desse målsetjingane er ikkje nye i seg sjølv, men det at dei blir tekne med som delmål i MDG-rammeverket inneber at det vil bli utvikla statistiske indikatorar som i praksis gjer det mogeleg å samle data om utviklinga på desse felta. At medlemslanda i samarbeid med FN utviklar og rapporterer om aktuell statistikk, er i sin tur viktig for å kunne halde det politiske presset oppe med sikte på å nå viktige utviklingsmål. Særleg når det gjaldt det nye delmålet om reproduktiv helse, var dette eit resultat av aktivt påtrykk frå den politiske leininga i dei nordiske landa og Nederland. Ein liten, men viktig siger.

4 Nedrusting og tryggleik (1. komité)

4.1 Generelt

Årets sesjon i 1. komité har hatt særleg interesse på grunn av norsk formannskap ved ambassadør Mona Juul. Det er første gongen i komiteen si historie at det har vore kvinneleg formannskap. Noreg hadde formannskapen i 1983 òg.

Ikkje overraskande blei den kjernefysiske prøvesprenginga til Nord-Korea eit gjennomgangstema under sesjonen. Ei lang rekke land fordømte prøvesprenginga, noko formannskapen òg gjorde i personleg eigenskap. På ulike måtar blei denne saka òg omhandla i tre ulike resolusjonsframlegg. Det var likevel ikkje stemning for å handsame ein eigen Nord-Korea-resolusjon. Nord-Korea blei ståande heilt isolert i debatten, men klarte likevel å få moderert innlegget til Den alliansefrie rørsla (NAM) slik at det berre blei uttrykt «uro» over prøvesprenginga – og over alle andre prøvesprengingar.

Tendensen med stadig mindre konsensus i 1. komité blei vidareført i år. Det blei votert over 31 resolusjonar av i alt 55. Hovudårsaka til dette var at USA valde å røyste mot alle resolusjonar dei såg det var sjølv marginale problem med. I fleire samanhengar blei amerikanarane ståande aleine. USA røysta mot alle tre resolusjonane som inneholdt fordømmingar av den nordkoreanske prøvesprenginga. I eitt tilfelle blei USA stående aleine saman med Nord-Korea. I år røysta amerikanarane òg mot resolusjonar som blei fremja av allierte NATO-land, til dømes resolusjonen frå Tyskland om praktiske nedrustingstiltak, resolusjonen frå Tyskland og Frankrike om overskotsammunisjon og resolusjonen frå Storbritannia om regulering av internasjonal våpenhandel.

Likevel blei ein gjennomgåande god atmosfære i komitéarbeidet berre i liten grad påverka av den strenge linja USA heldt på substansielle spørsmål, då amerikanarane stort sett berre røysta mot utanrøysteforklarings. Det blei gjennomført gode tematiske debattar der mange land engasjerte seg. Desse debattane vil på sikt kunne medverke til å skape konsensus om viktige spørsmål om nedrusting og ikkje-spreiing. I tillegg hadde ein for første gong eit NGO-segment i 1. komité der fire ikkje-

statlege organisasjonar blei inviterte til å innleie om temaet kjernevåpen og handvåpen. Dette initiativet blei gjennomgåande godt motteke.

4.2 Det multilaterale nedrustingsmaskineriet

Ei rekke land tok ordet under den tematiske debatten om det multilaterale nedrustingsmaskineriet. Fleire la vekt på at det var naudsynt å bryte ut av den fastlåste situasjonen i nedrustingskonferansen i Genève (CD), og sa seg leie for at ein framleis var langt frå konsensus om forhandlingar om eit forbod mot produksjon av spaltbart materiale for våpenformål (FMCT) i CD. Fleire understreka behovet for å sjå på mogelege nye tilnærmingar til nedrustingsspørsmål.

Noreg stod tilslutta innlegget frå EU om nedrustingsmaskineriet, men heldt òg eit eige innlegg som fokuserte på behovet for vidare forbetring av arbeidsforma i 1. komité. Hovudpunktet var eit uttrykt ønske om meir fokus i den interaktive debatten om resolusjonar og om vedtak som krev handling, ytterlegare reduksjon i talet på resolusjonar og at ein resolusjon er i kraft heilt til ein ny resolusjon om same tema er introdusert. Vidare blei behovet for å straumlinjeforme rapporteringsprosedyrane og det positive bidraget frå det sivile samfunnet til debattane i 1. komité nemnt.

Den norske formannskapen blei rost for gjennomføringa av årets sesjon. Det blei vist til det store talet på land som hadde delteke under den interaktive dialogen. Samstundes blei det vist til at det framleis var plass for forbetringar. Somme etterlyste skriftlege budsjettmessige estimat knytte til resolusjonar og vedtak. Vidare var ein uroa over at mellomstatlege ekspertgrupper (Group of Governmental Experts, GGE) tok opp ein urimeleg stor del av budsjettet til FNs nedrustingsavdeling (DDA). Nokre tok difor til orde for at opprettinga av GGE-er blei avgrensa til éi gruppe per kalenderår. I tillegg såg ein lite poeng i å opprette nye GGE-er på område som det kort tid før er lagt fram ein rapport om.

4.3 Kjernevåpen og andre masseøydeleggingsvåpen

Den nordkoreanske prøvesprenginga var eit gjenomgangstema under plenumsdebatten om kjernefysiske våpen, og ei rekke land fordømte prøvesprenginga. Fleire land i Den alliansefrie rørsla (NAM) var òg klare i sine fråsegner. Ikkje uventa var det USA som gjekk lengst i fordømminga, og det blei skissert kva sanksjonar ein arbeidde for på amerikansk side. Dette forte til replikk frå nordkoreansk side, der ein understreka at utviklinga av kjernevåpen var eit svar på langvarige amerikanske trugsål.

Ikkje uventa kom det fram at det er omfattande usemje om forhandlingsmandatet for ein avtale om forbod mot produksjon av spaltbart materiale for våpenformål (FMCT) under årets sesjon av 1. komité. Det lét seg difor ikkje gjere å nå fram til ein konsensusresolusjon. USA gjentok motstanden sin mot at ein slik avtale skal omfatte verifikasjon og eksisterande lager. Andre, mellom anna Pakistan, gjorde det klart at å inkludere desse faktorane, i tillegg til eit balansert arbeidsprogram for CD, vil vere avgjerande for å få i gang forhandlingsprosesen.

Det norske innlegget om kjernefysisk ikkjespreiing og nedrusting blei godt motteke både frå amerikansk side og av Ny agenda-koalisjonen (NAC, samansett av Sverige, Irland, New Zealand, Mexico, Brasil, Sør-Afrika og Egypt), særleg på grunn av den balanserte tilnærminga i innlegget.

Under debatten om andre masseøydeleggingsvåpen (kjemi- og biologivåpen) stod Noreg tilslutta innlegget frå EU, men heldt eit eige innlegg med særskilt fokus på biologivåpen i samband med den 6. tilsynskonferansen for Biologivåpenkonvensjonen (BTWC) seinare hausten 2006. Debatten la klare føringar for behovet for ein vellukka tilsynskonferanse for BTWC. Dette hadde ein viss verknad, for fem veker etter at 1. komité blei avslutta, makta ein å bli samde i BTWC om det vidare arbeidet. Debatten om kjemivåpen blei i stor grad fokussert på at USA og Russland må gjennomføre sine forpliktingar om å øydeleggje lagera sine av kjemiske stridsmiddel.

Ein potensielt viktig resolusjon om å opprette ei kjernevåpenfri sone i Sentral-Asia blei send til voting av Kasakhstan. Dei tre vestlege kjernevåpenmaktene røysta mot fordi traktaten som nyleg var forhandla ferdig, ikkje har presedens over andre tryggingsavtalar i regionen (til dømes med Russland). Innhaldet i traktaten og votinga over resolusjonen kan føre til at den vidare prosessen i denne saka blir komplisert. Noreg avstod og stod

tilslutta ei røysteforklaring med likesinna EU- og NATO-land. Hovudbodskapen var å støtte kjernevåpenfrie soner som prinsipp og å oppmøde dei sentralasiatiske landa og kjernevåpenmaktene om å halde fram med konsultasjonane sine.

4.4 Handvåpen og andre konvensjonelle våpen

Under den generelle debatten om konvensjonelle våpen kom det fram ein utstrekkt frustrasjon over den mislukka tilsynskonferansen for handvåpen. Det viste seg at det heller ikkje lét seg gjere å bli samde om den generelle handvåpenresolusjonen.

Den viktigaste saka som vil bli ståande frå årets sesjon, var det britisk-initierte framlegg om å setje i gang ein prosess for å forhandle fram ein avtale for å regulere internasjonal våpenhandel. Etter eit svært omfattande forarbeid blei resolusjonen til slutt vedteken i komiteen med 139 røyster for og 1 mot (USA) og 26 avstängar (153 for, 1 mot og 24 avstängar i plenum). På britisk side var ein særstak nøgd med dette sluttresultatet – også av sterke innanrikspolitiske årsaker. Noreg støtta aktivt opp om ATT-resolusjonen.

Den breie støtta til Minekonvensjonen blei òg gjenteken. Noreg reiste i sitt innlegg spørsmålet om klaseammunisjon, og somme andre land bidrog òg til at temaet fekk auka merksemrd. Fleire andre land (som EU og Canada) knytte i sine innlegg internasjonal humanitær rett opp til dei eksplosive leivningane etter krigen.

4.5 Reform

For tre år sidan var Noreg med på å starte ein debatt om reform av 1. komité. I årets arbeid var ei effektivisering av arbeidsmetodane i komiteen og auka tilgang for ekstern ekspertise og det sivile samfunnet ein sentral priorititet for den norske formannskapen.

Som tidlegare år blei ei mengd resolusjonar av repeterande karakter handsama av 1. komité også på denne sesjonen. Mange av desse resolusjonane går attende til 1980-talet, og det er nok mange som no forstår ønsket om å biannualisere eller triannualisere resolusjonsframlegg, men det vil ta tid for å få verkeleg framgang på dette feltet.

Organisatorisk sett var årets sesjon i 1. komité vellukka. Det var monaleg større interesse for å delta i debattane enn tidlegare år, ikkje minst fordi det i år var lagt opp til at fleire ekspertar, representantar for ulike rustingskontrollregime og frivillige

organisasjonar skulle delta. Møta blei organiserte og gjennomførte slik at ein ikkje sløste med verken tid eller andre ressursar. Nytt av året var det òg at formannskapen innførte eit NGO-segment der fire ikkje-statlege organisasjonar blei inviterte til å innleie om temaa kjernevåpen og handvåpen. Tilbakemeldingane til formannskapen frå andre delegasjoner var berre positive. Tilbakemeldingane frå det sivile samfunnet når det gjaldt tilgang til og deltagning under sesjonen og kontakt med formannen var òg svært positive. For første gong på mange år blei 1. komité avvikla utan at det oppstod alvorlege prosedyreproblem.

Konklusjonen er difor noko blanda. Ein må konstatere at det framleis er langt fram til konsensus i det multilaterale rustingskontrolldiplomatiet. Samtidig er det positivt å kunne registrere aukande interesse for å delta i saklege diskusjonar om alle saker på nedrustings- og ikkje-spreiingsagendaen. Det er òg positivt å konstatere at stemninga var god og at 1. komité – når det gjeld organisering og det å vere ryddig – etter kvart er blitt eit organ som fungerer langt betre enn Nedrustingskonferansen og FNs nedrustingskommisjon.

5 Økonomi-, miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité)

5.1 Generelt

Arbeidet og forhandlingsklimaet i 2. komité var noko mindre konfronterande enn under den førre generalforsamlinga. Likevel var det også i år få saker det var avgjerande å bli samde om. Komiteen tente i liten grad som arena for nye initiativ og for å drive viktige saker framover. Døme på dette var miljø- og klimaspørsmåla som blei ståande på staden kvil. Det blei ikkje teke nokon nye initiativ i arbeidet mot korruption, og det var berre lita framdrift å spore i migrasjonsspørsmålet. Vedtaket om å halde ein internasjonal konferanse om finansiering for utvikling i Doha i 2008 som oppfølging av Monterrey-konferansen i 2002, var eit positivt utfall.

Dei siste åra har talet på avrøystingar i den tradisjonelt konsensusorienterte 2. komité stige sterkt. Under den 61. generalforsamlinga synest denne trenden å ha flata ut.

5.2 Gjeldshandtering

Gjeldsresolusjonen er ein av dei resolusjonane i 2. komité som det er svært vanskeleg å forhandle fram konsensus om, men i år også klarte ein til slutt å bli samde om ein tekst. Noreg kommenterte gjeldsspørsmål i plenum i 2. komité under eit innlegg som omfatta heile «finansiering for utvikling»-agendaen. Gjeldsslettinga etter den norske skips-eksportkampanjen blei nemnd, og Noreg tok også opp att standpunktet sitt om at vi ønskjer ein debatt om illegitim gjeld.

Sjølv om resolusjonen blei vedteken med konsensus, var det fleire vestlege land som påpeikte at resolusjonen speglar røyndommen därleg. Mellom anna blei det påpeikt at tittelen («Den eksterne gjeldskrisa og utvikling») var «utdatert». Det blei argumentert med at gjeldssituasjonen ikkje lenger kan karakteriserast som ei «krise», og at tittelen og resolusjonen dessutan burde spegle at innanlands-gjeld kan vere eit vel så stort problem for mange utviklingsland som utanlandsgjeld. G-77 er sterkt usamd i at det ikkje lenger er ei gjeldskrise, og påpeiker at partane nok har noko ulik forståing av røyndommen. Sør-Afrika, som formann i G-77, for-

sikra om at fram til vi har ein situasjon der alle land har nådd full gjeldsberekraft, vil ikkje tittelen bli endra. Det var også tunge forhandlingar rundt spørsmål om utviding av eksisterande og nye gjeldsslettendeordningar.

5.3 Finansiering for utvikling

Under generalforsamlinga i fjor makta ein ikkje å bli samde om tid og stad for og prosessen fram mot å halde ein oppfølgingskonferanse til den internasjonale konferansen om finansiering for utvikling som fann stad i Monterrey i 2002. Denne konferansen var på mange måtar banebrytande. Den såkalla Monterrey Consensus er uttrykk for ei global semje mellom gjevarland, utviklingsland, det sivile samfunnet og privat sektor om tilnærming til sentrale utviklingsspørsmål, bistandsoverføringer, gjeld og handel.

Forhandlingane om ein oppfølgingskonferanse blei vidareførte under den 61. generalforsamlinga, og ein blei samde om at konferansen skal haldast i andre halvdel av 2008. Vertskap for konferansen blir Qatar, som allereie under generalforsamlinga i fjor hadde komme med tilbod om å halde konferansen i Doha. Førebuingane til Doha-konferansen om finansiering for utvikling vil byrje i 2007.

5.4 Råvarer, handel og utvikling

Etter samanbrotet i Doha-forhandlingane hadde G-77 ein sterk trong for ei politisk markering om handelsspørsmål i 2. komité. Dette var nok delvis årsaka til at G-77 braut forhandlingane om handelsresolusjonen etter forholdsvis kort tid, med den grunngjevinga at partane stod for langt frå kvarandre til at ein kunne sjå eit håp om ei konsensusløsing. Så for tredje året på rad blei denne resolusjonen vedteken ved votering. Noreg avstod i avrøystinga på linje med EU og mange andre land. Det var berre USA som røysta mot. Hovudgrunnen mellom dei som avstod i avrøystinga var at resolusjonen ikkje speglar ein balanse som er naudsynt for at Doha-forhandlingane skal kunne takast opp att med eit vellukka resultat. USA gjentok som si

prinsipielle haldning at dei er imot forsøk frå Generalforsamlinga på å diktere forhandlingane i Verds-handelsorganisasjonen.

I motsetnad til handelsresolusjonen blei råvare-resolusjonen vedteken med konsensus. Dette resultatet var særleg positivt i lys av utfallet av handelsresolusjonen, men òg fordi ein i år klarte å komme til konsensus om saker som ein voterte over for to år sidan. Det var til dømes gledeleg at USA ville gå med på å omtale toll- og kvotefri marknadstilgang for alle minst utvikla land (MUL). Noreg var tilretteleggjar for råvareresolusjonen.

5.5 Kvinner i utviklingsprosessar

Ikkje eit punkt under GF61. Sak som kjem opp annakvart år.

5.6 Miljø og berekraftig utvikling

Noreg deltok aktivt i debatten om miljø og berekraftig utvikling. I det norske innleget viste ein til at det i 2007 er 20 år sidan Brundtlandkommisjonen la fram sin rapport «Our Common Future», som la grunnlaget for mykje av det internasjonale miljøarbeidet som voks fram i åra som følgde. Det blei vidare understreka at Noreg framleis ser på FNs kommisjon for berekraftig utvikling som ein viktig pilar i FN-systemet. Noreg framheva klimaendringane som det største trugsmålet mot global berekraftig utvikling, og at ein allereie i stor utstrekning kan registrere negative konsekvensar. I tillegg til arbeidet med å redusere klimautsleppa må ein difor òg leggje vekt på arbeidet med å redusere skaderisiko og omfanget av skadane og utvikle strategiar for tilpassing, særleg i dei fattigaste utviklingslanda. Landa som er tilslutta Kyoto, står for mindre enn 1/3 av klimautsleppa, og andre land må òg vere med og dra lasset. Den drastiske reduksjonen i biodiversitet som vi i dag er vitne til, blei òg teken opp, og dessutan at fokuset må rettast mot at ein internasjonalt må etter leve dei forpliktingane som er inngådde. Vedtaket om å opprette genbanken på Svalbard blei òg nemnt.

Klima

Forhandlingane om ein resolusjon om klimaet var i år krevjande, og sluttresultatet må karakteriserast som svært skuffande. Teksten blei introdusert samtidig som toppmøtet i Nairobi fann stad, og dette farga forhandlingane. Det opphavlege resolusjonsframlegget frå G-77 var ein prosedyrereresolu-

sjon utan substansielt innhald. EU, med støtte frå Noreg, ønskte fleire substansielle referansar, ikkje minst med omsyn til eit eventuelt klimaregime etter at Kyotoavtalen går ut i 2012. G-77 og USA viste likevel liten vilje til rørsle. Etter gjenteke press frå EU gjekk G-77 til det drastiske steget å trekke seg frå forhandlingane. Dermed låg den opphavlege teksten igjen på bordet. EU var svært misnøgd med utfallet av forhandlingane, og det blei klart at ein ville be om ei avrøysting. Noreg støttet dette og valde – som EU – å røyste blankt. Noreg støttet òg røysteforklaringsa til EU som la vekt på at FNs generalforsamling må ta klimaspørsmålet alvorleg. New Zealand, Australia og Canada røysta òg blankt og kritiserte først og fremst det svært lite konstruktive forhandlingsklimaet. Til saman 114 land røysta for resolusjonen medan 49 avstod. Dermed blei det sendt eit klart signal om misnøya med prosessen.

UNEP

I forhandlingane om UNEP kom dei ulike konfliktslinjene når det gjaldt det overordna miljøarbeidet i FN, fram. EU og Noreg argumenterte for fleire referansar i samband med ei styrking av den rolla FN har på feltet. Det var òg ønskeleg med klare referansar til eit meir institusjonalisert samarbeid gjennom UNEP og til universell medlemskap i organisasjonen. Utviklingslanda, med vekslande støtte frå Russland og USA, motsette seg likevel desse formuleringane. EU fekk til slutt gjennomslag for ein svært utvatna preambuler paragraf som inviterer til eit meir effektivt miljøarbeid i regi av FN. Universell medlemskap vil om det er ønskeleg bli handsama under den 64. generalforsamlinga.

Agenda 21

I resolusjonsforhandlingane om Agenda 21 var det først og fremst to punkter som var omstridde. Det første gjaldt korleis Generalsekretæren skal rapportere når det gjeld dei tematiske områdene til den 15. sesjonen i Kommisjonen for berekraftig utvikling. Her fekk G-77 gjennomslag for at det skal leverast rapportar for kvart av dei fire temaene energi, klima, luftforureining og næringsutvekling. USA kravde lenge at ein burde vurdere berre éin felles rapport. Det andre temaet gjaldt om den 15. sesjonen i Kommisjonen for berekraftig utvikling skal gjennomførast på den tida som er sett av, noko Noreg og EU pressa sterkt på for å få vedteke. Det blei òg presisert at alle dokumenta, medrekna forhandlingsdokumentet, skal vere klare før sesjonen

tek til. Dette var viktig for Noreg då arbeidet til kommisjonen tidlegare har vore plaga av forseinkingar og ei lite effektiv utnytting av den tildelte tida.

Oppfølging av Ørkenkonvensjonen

I desse forhandlingane ønskte Noreg å understreke at ein er nøgd med det som skjedde under den siste påfyllinga av Global Environment Facility (GEF), og at det er viktig at forpliktingane blir oppfylte. Noreg ønskte ikkje ein tekst som ville gje GEF pålegg om å prioritere forvrkning framfor andre finansieringsområde. Desse omsyna blei sikra.

Ein annan diskusjon som fekk mykje merksimd, var om sekretariatet sitt forbruk hadde overstige det godkjende budsjettet for 2004–2005. Sekretariatet gjorde eit godt forsøk på å gjere greie for situasjonen, men det var stadig uklart om sekretariatet hadde halde seg innanfor dei opphavleg godkjende rammene, eller om dei hadde halde seg innanfor rammene til det oppjusterte budsjettet. Noreg var kritisk til sekretariatet, men konsensus på dette punktet lét seg gjere berre ved ei rundare formulering som peikte på at det var viktig for sekretariatet å arbeide innanfor stabile valutarammer.

Biodiversitet

Årets forhandlingar om biodiversitetskonvensjonen gav endå eit døme på at FNs generalforsamling neppe vil vere ein viktig arena for å drive fram den internasjonale miljøagendaen. Det lét seg ikkje gjere å oppnå semje, ikkje ein gong om tekst som var vedteken tidlegare. EU og Noreg forsøkte å få inn tekst der det blei uttrykt sterkt uro for at ein framleis skulle tape biologisk mangfald og svekkje «ecosystem services», og dessutan om samanhengen mellom arbeidet for å sikre tradisjonelle rettar i CBD, TRIPS og World Intellectual Property Organisation (WIPO). Forsøka på å få inn ny substansiel tekstu stranda likevel, hovudsakleg på grunn av motstand frå G-77 og USA.

Ansvar for oljesøl som resultat av israelske krigshandlingar i Libanon

I juli 2006, under krigshandlingane i Libanon, bomba Israel fleire oljetankar i nærlieiken av kraftverket El-Jiyeh. Dette førte til store utslepp og miljøydeleggingar langs store delar av kysten av Libanon. Noreg var mellom dei landa som gav støtte både til å kartlegge skadane og til oppryd-

ding. Med bakgrunn i desse miljøskadane blei det fremja ein resolusjon som plasserte erstatningsansvaret for skadane på Israel. Det blei mellom anna vist til havretten og prinsippet i Rioerklæringa av 1992 om at ureinaren betaler. Rettsavdelinga i UD vurderte tilhøvet, og kom til at konklusjonen om erstatningsansvar for Israel var juridisk haldbart. Noreg røysta for, og resolusjonen blei òg vedteken med stort fleirtal.

Resolusjonar om ulike FN-år og -dagar

Dei siste par åra har det vore ein aukande trend at interessegrupper øver påtrykk for at FN skal innføre internasjonale år og dagar for å fremje ulike saker. Sjølv om meininga med mange av framlegga er å fremje positive formål, har den norske haldninga gjennomgåande vore at det å innføre ulike år og dagar ikkje er ein føremålstenleg måte å oppnå utviklingspolitiske målsetjingar på. Dette gjeld særleg fordi talet på markeringar er blitt så stort at det nærmar seg useriøse proporsjonar. Under årets generalforsamling blei det fremja og vedteke resolusjonar om det internasjonale sanitæråret i 2008, det internasjonale biodiversitetsåret i 2010 og det internasjonale skogåret i 2011, i tillegg til at det blei gjort framlegg om ein internasjonal diabetesdag. Dette kjem i tillegg til dei åra og dagane som allereie er vedtekne tidlegare. Noreg prioriterte ikkje arbeidet med desse resolusjonane, men gjekk heller ikkje imot dei.

UN-Habitat

UN-Habitat er det FN-programmet som har ansvaret for å følgje opp byutvikling og forbetring av byslummane i verda. Den årlege resolusjonen om UN-Habitat gjev Generalforsamlinga eit høve til å kommentere drifta av programmet og prioriteringane der, men alle overordna vedtak i programmet blir gjorde av eit styrande råd (Governing Council).

Leiinga i UN-Habitat har ivra for eit opplegg som i praksis vil innebere at programmet vil fungere som ein utlånsbank for slumutviklingsprosjekt. Noreg har vore skeptisk til dette, då ein meiner at programmet ikkje har den naudsynte kompetansen, og at det vil vere lite føremålstenleg å duplisere den innsatsen dei regionale utviklingsbankane og Verdsbanken gjer på dette området. G-77 prøvde å få inn ordlyd i resolusjonen som uttrykte støtte til desse planane, medan bl.a. EU og Noreg ikkje ønskte dette. Resultatet blei eit kompromiss der tilrådinga var at Det styrande råd handsama denne saka på neste møte i april 2007. I

ei posisjonsforklaring framlagd av EU og Noreg og støtta av Canada, blei det likevel uttrykkeleg framheva at føresetnaden for den konsensusen som var oppnådd, var at dette ikkje på nokon måte skulle legge føringar for handsaminga i det styrande rådet.

Suverenitet over naturressursar i okkuperte palestinske område

Ein årleg gjengangar på dagsordenen til Generalforsamlinga er punktet om det palestinske folket sin suverenitet over natturressursar i okkuperte område, medrekna Aust-Jerusalem, og arabarane sin i dei okkuperte Golanhøgdene. Resolusjonen er vanlegvis resultatet av forhandlingar mellom EU og palestinariane. Innhalldsmessig uttrykkjer resolusjonen uro over at den israelske okkupasjonsmakta øyder naturressursane, mellom anna at dei øydelegg frukthagar og jordbruksområde. Det blei òg vist til at det blir dumpa ureinande avfall og at vassleidningar og annan infrastruktur blir øydelagde, og til negative konsekvensar av den rettsstridige muren. På bakgrunn av dette krev resolusjonen at Israel opptrer i samsvar med folkeetten og erstattar rettsstridig øydelegging og svekking av palestinske naturressursar. Det var berre Israel, USA og ein del små øystatar som røysta mot at resolusjonen skulle bli vedteken.

5.7 Migrasjon

Under Generalforsamlinga blei det forhandla om ein resolusjon om korleis det internasjonale samfunnet skal følgje opp problemstillingane rundt migrasjon og utvikling. Resolusjonen gjekk ikkje så langt som Noreg ønskte med å setje migrasjon og utvikling på dagsordenen i FN, men han stadfester likevel Belgias initiativ om å halde eit globalt migrasjonsforum i 2007 som ei oppfølging av FNs høgnivådialog for migrasjon og utvikling som fann

stad i september 2006. Resolusjonen støttar vidare at det skal oppretta ein Global Migration Group i Genève, og vedtok at migrasjon og utvikling skal følgjast opp på FNs generalforsamling i 2008.

5.8 Korruption

Korruptionsdebatten i 2. komité dreidde seg om utviklingsperspektivet på korruption. Dette er ein debatt der landa tradisjonelt står langt frå kvarandre. Iverksetjinga av konvensjonen mot korruption blei brukt som utløysande årsak til at G-77 la fram ein rein prosedyrereresolusjon i år for å sleppe ein vanskeleg debatt. Dette blei motvillig akseptert, med gjensidig forståing for at ein til neste år har ein substansiell resolusjon. Noreg og likesinna land la i forhandlingane vekt på at ein då vil ha ein ordlyd som er i tråd med konvensjonen mot korruption, inn i resolusjonen.

5.9 MUL-landa

Ved innleiinga til den 61. generalforsamlinga blei det arrangert eit ekspertmøte og eit etterfølgjande høgnivåmøte i høve femårsgjennomgangen av det tredje handlingsprogrammet for dei minst utvikla landa 2001–2010. Noreg leidde arbeidet med å bli samde om ei ministererklæring på førespurnad frå dei minst utvikla landa. Erklæringa la vekt på kor langt ein er kommen i å gjennomføre forpliktingane i handlingsprogrammet. På fleire område har det vore framgang. Like fullt blei det understreka at dei minst utvikla landa ligg dårlegast an når det gjeld å oppfylle tusenårsmåla.

Årets debatt og resolusjonsforhandling om det tredje handlingsprogrammet for dei minst utvikla landa i 2. komité var kortare og enklare enn vanleg, som ein konsekvens av ministererklæringa som nyleg var vedteken.

6 Menneskerettsspørsmål og sosiale spørsmål (3. komité)

6.1 Generelle spørsmål

Årets haustsesjon utvikla seg etter måten ryddig og nærmest upåverka av det nyoppretta Menneskerettsrådet (MR-rådet). Det knytte seg ein del uvisse, og nokre forventingar, til tilhøvet mellom 3. komité og det nye Menneskerettsrådet. Sjølv om MR-rådet framleis er i ein fase av institusjonsbygging, har det allereie i enkelte viktige saker mått å bli overprøvd av 3. komité. Dette markerer ei svekking av rådet sitt sjølvstende samanlikna med Menneskerettskommisjonen. Mange av dei forventingane som blei skapte under toppmøtet om FN-reform i 2005 når det gjaldt betre vern og fremje av menneskerettane, har i substans så langt ikkje blitt innfridde.

Årets haustsesjon var plaga av at arbeidet i komiteen hadde ei svak leiing (Irak). Dette førte til mykje uvisse kring prosedyrar og til at vanskelege saker blei utsette. Arbeidet var i år også sterkt politisert og polarisert. Til liks med tidlegare år var det tydeleg å sjå at det herskar grunnleggjande ulike oppfatningar om menneskerettar. Røystemonstret speglar i stor grad skiljet mellom nord og sør, men også skiljet mellom Vesten og muslimske land. Særleg i spørsmål som gjeld familie, kjønn, ytringsfridom og religionane si stilling, har dei muslimske landa ei stadig tydelegare haldning og har i stor grad fått støtte frå mange utviklingsland. Ved fleire avrøystingar stod USA heilt aleine. USA heldt dessutan ved lag motstanden sin mot tilvisingar til Den internasjonale straffedomstolen (ICC).

Årets haustsesjon vil først og fremst bli hugsa for to MR-instrument som blei vedtekne etter fleirårige forhandlingar og som vil setje standard. Den viktigaste var «Den internasjonale konvensjonen for vern og fremje av funksjonshemmas rettar og verdighet». Arbeidet med å skape ein konvensjon for å verne og fremje rettane til dei funksjonshemma har gått føre seg sidan 2001. Organisasjonane til dei funksjonshemma har delteke aktivt og konstruktivt i arbeidet med konvensjonen. Bidraget deira til dette arbeidet vil truleg setje ein ny standard for FN-deltakinga til dei ikkje-statlege organisasjonane. Atlasalliansen har representert norske funksjonshemma i samarbeid med UD, AID og Helsedirektoratet. Ingen annan internasjonal

MR-konvensjon har blitt forhandla fram så raskt. «Den internasjonale konvensjonen for vern av alle personar mot forsvinningar under tvang» blei også vedteken. Sjølv om denne konvensjonen vil ha mindre å seie for Noreg, blir han sett på som eit vendepunkt i land som har gjennomlevd brutale diktatur.

Noreg fungerte som ein pådrivar for å sikre at ikkje-statlege organisasjonar som representerer lesbiske og homofile, får observatørstatus i FN på lik linje med andre organisasjonar.

Det norske hovudinnlegget i komiteen tok utgangspunkt i det pågående arbeidet med å skape eit tydeleg og effektivt menneskerettsråd, og forsvarte ordninga med spesialrapportørar for å rette merksemda mot alvorlege MR-situasjonar. Det blei framheva at dialog og samarbeid er utgangspunktet for arbeidet med menneskerettar, men at vi ikke må vike attende for å ta tydeleg til orde mot alvorlege brot på menneskerettane dersom dialog ikkje fører fram. Det norske innlegget gav aksept til menneskerettsforsvararar og tok avstand frå diskriminering på grunnlag av seksuell orientering og frå tortur og ulovleg forvaring.

6.2 Menneskerettssituasjonen i somme land

Under årets generalforsamling blei det lagt fram sju såkalla landresolusjonar i 3. komité. Denne typen resolusjonar har eit særskilt fokus på menneskerettssituasjonen i somme land. USA, Canada, EU og Japan la fram resolusjonar om MR-situasjonen i Iran, Nord-Korea, Burma, Usbekistan og Kvitserussland. Som svar på dette la Kvitserussland og Iran fram resolusjonar om MR-situasjonen i USA og Canada. Dei to siste resolusjonane blei overveldande nedrøysta. Slike resolusjonar har i ei årrekke vore omstridde og blitt oppfatta som stigmatiserande av dei landa som dei har vore retta mot. Ei rekke statar hevdar at resolusjonar av denne art er eit verkemiddel for vestlege interesser til å fordømme svake og fattige utviklingsland. Under årets sesjon blei landresolusjonane på ny utsette for hard kritikk, hovudsakleg frå utviklingsland. Det blei hevdat at slike resolusjonar var selek-

tive, politiserte og gav uttrykk for dobbeltmoral. Somme land hevda at slike resolusjonar høyrde heime i MR-rådet og ikkje i 3. komité. Sjølv om alle landresolusjonane (på éin nær) til slutt fekk fleirtal i komiteen, var det mange statar som avstod ved avrøystinga. Landresolusjonen om Usbekistan (framlagd av USA) var den einaste som ikkje blei vedteken, sidan det var fleirtal for ikkje å realitets-handsame resolusjonsutkastet.

I tillegg til den årvisse resolusjonen om det palestinske folket sin rett til sjølvstyre, la Cuba i år fram to resolusjonar om MR-situasjonen i Libanon etter dei israelske krigshandlingane. Etter forhandlingar med EU gjekk Libanon med på å leggje fram ein resolusjon med ei meir balansert tilnærming til situasjonen, slik at EU, Noreg og dei fleste vestlege land kunne avstå.

6.3 Urfolk

Etter meir enn 10 år med mellomstatlege forhandlingar blei Urfolkserklæringa vedteken av Mennerkrettsrådet 29.6.06. Urfolkserklæringa blei deretter oversend 3. komité som del av rapporten frå MR-rådet til Generalforsamlinga. Det blei tidleg klart at 3. komité ikkje automatisk ville godkjenne tilrådinga frå MR-rådet og vedta Urfolkserklæringa. Australia, New Zealand og Canada har teke avstand frå erklæringa og arbeidd for å hindre eit vedtak i 3. komité. Også USA og Russland har vore negative til erklæringa. I fleire afrikanske land er urfolksspørsmålet politisk ømtolig. Namibia og Botswana fekk støtte i den afrikanske gruppa til å hindre at erklæringa blei vedteken i si noverande form. Namibia (på vegner av den afrikanske gruppa) la deretter fram eit endringsfremlegg som innebar at handsaminga og vedtaket av erklæringa blei utsett for å «gje tid til ytterlegare konsultasjoner». Framlegget hadde naturleg nok støtte frå Canada, Australia og New Zealand. Også Russland støtta framlegget, medan USA avstod. I realitet var dette eit forsøk på å gjenopne forhandlingane om sjølve erklæringa. Endringsfremlegget frå Namibia blei vedteke med 82 røyster for, 67 mot medan 25 avstod. Noreg røysta, i samsvar med hovudframlegsstillaren Peru, mot endringsfremlegget. I endringsfremlegget frå Namibia heiter det seg rettnok at handsaminga skal avsluttast innan utgangen av den 61. generalforsamlinga, men dette synest urealistisk. Det er førebels uvisst på kva måte «ytterlegare konsultasjoner» om erklæringa kan finne stad. Då komiteen til slutt skulle røyste over den opphavlege resolusjonen frå Peru, trekte alle dei opphavlege medframlegsstillarane seg. I

staden teikna 29 afrikanske land seg som nye medframlegsstillarar. Resolusjonen blei til slutt vedteken med endringane frå Namibia. Det er førebels uklart korleis dei afrikanske landa vil vidareføre prosessen med erklæringa. Støttespelarane til Urfolkserklæringa frå Europa (mellom desse Noreg), Sør- og Mellom-Amerika ønskjer ikkje å gjenopne teksten for ytterlegare forhandlingar som kan vare i fleire år utan at ein oppnår eit tilsvarende kompromiss. Noreg og dei andre støttespelarane til erklæringa har hatt nære konsultasjoner med urfolksorganisasjonar ved FN for å sikre deira støtte til det vidare arbeidet for å vedta Urfolkserklæringa.

6.4 Kvinner

Rapporten om vald mot kvinner blei gjenstand for stor merksemeld under debatten. Debatten handla i stor grad om kommentarar til rapporten om vald mot kvinner, og om uro for omfanget av valden og dei samfunnsmessige konsekvensane av han. I tillegg var det mange land som tok opp FN-reform og behovet for ein styrkt og samordna innsats for kvinner i FN-systemet. Andre gjennomgangstema var tryggingsrådsresolusjon 1325 (2000) om kvinner, fred og tryggleik, reproduktiv helse og kvinnene sin medverknad i avgjerdssprosessar. Fleire land omtalte dei tiltaka Noreg har sett i verk når det gjeld krav til kjønnsrepresentasjon i styre og kvinnene sin medverknad i fredsprosessar. Det norske innlegget fokuserte på behovet for ei betre integrering av kjønnsperspektiv i FN sett under eitt og FN-reform som eit høve ein ikkje måtte la gå frå seg til å få styrkt røysta for kvinnenes rettar både sentralt og på landnivå. Elles blei den styrkte prioriteringa og ressurstildelinga Noreg har gjeve kvinner og likestilling i utviklingssamarbeidet i budsjettet, presentert, og dessutan engasjementet når det gjeld Verdsbankens handlingsplan, *Gender as Smart Economics*. Tryggingsrådsresolusjon 1325 (2000) og behovet for å integrere eit kjønnsperspektiv i den nye Fredsbyggingskommisjonen blei teke opp, og Noreg forplikta seg til å vere målberar for dette. Det blei òg vist til at Noreg vil følgje ein trespora strategi framover: å systematisk straumlinjeforme kjønnsperspektivet på alle nivå og område, setje i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling mellom kvinner og arbeide for jammkjønnsrepresentasjon i både tenesta og delegasjoner. Noreg kommenterte òg rapporten om vald mot kvinner.

Resolusjonen om vald mot kvinner blei vedteken med konsensus etter omfattande uformelle

konsultasjonar. Utgangspunktet var studien som blei presentert under generalforsamlinga. Andre resolusjonar under dette punktet på dagsordenen var handel med kvinner og oppfølging av handlingsplanen frå Beijing.

6.5 Barn

Studien frå generalsekretæren om vald mot barn stod i fokus for FN-arbeidet for barns rettar under årets haustsesjon. Studien blei lagd fram under ei høgtideleg markering i 3. komité. Kronprins Haakon Magnus deltok som heidersgjest og heldt eit innlegg på vegner av Noreg. I innlegget blei det lagt vekt på at det er mogeleg å hindre vald mot barn, og at vi alle har eit ansvar for å hindre slike overgrep. Kronprinsen deltok dessutan på ein rundebordskonferanse med representantar for barneorganisasjonar der han framheva dei positive erfaringane Noreg har hatt med eit eige barneombod. Mellom dei medlemsstatane der det ikkje er forbode å straffe barn fysisk, blei rapporten frå Generalsekretæren til dels møtt med skepsis. I resolusjonen som blei vedteken, blir den uavhengige eksperten for studien mot vald invitert til i samarbeid med alle relevante FN-organisasjonar og -fond å arbeide for ein brei distribusjon av studien og å bidra til ei integrert tilnærming for å førebyggje og reagere på alle former for vald mot barn. Til generalforsamlinga neste år skal det rapporterast om framgangen i den første fasen av iverksetjinga av studien og presenterast framlegg til ein oppfølingsstrategi for det vidare arbeidet. Den årlege

resolusjonen om barns rettar var gjenstand for harde forhandlingar mellom EU på den eine sida og latinamerikanske og karibiske land på den andre. Til slutt blei det semje om å stryke formuleringa om å avvikle fysisk straff i skulen. Dette markerer eit lite tilbakesteg samanlikna med fjorårets resolusjon, men samla sett inneheld årets resolusjon fleire nye, positive element mellom anna frå studien om vald mot barn.

6.6 UNHCR

Høgkommissæren for flyktningar la i innlegget sitt vekt på dei aukande utfordringane organisasjonen står overfor: intoleranse, asyl og gapet mellom humanitær bistand og utvikling. Han formidla aksept for behovet for ei omorganisering av UNHCR. Mange medlemsland i tillegg til Høgkommissæren understreka behovet for å verne internflyktningar. Behovet for å revitalisere UNHCR var ein gjengangar i debatten. Frå norsk side var dette ei hovudsak. I tillegg blei kvinneperspektivet og vern av internflyktningar løfta fram.

I forhandlingane om den nordiske resolusjonen om UNHCR var det vanskeleg å bli samde om omtalen av internflyktningar. Det blei likevel oppnådd støtte for ein resolusjon der det er aksept for behovet for vern av stadig fleire internflyktningar under det mandatet som gjeld for organisasjonen. Resolusjonen om flyktningar i Afrika blei òg vedteken med konsensus. Endeleg blei det vedteke å utvide eksekutivkomiteen i UNHCR med Costa Rica og Estland.

7 Avkolonisering og fredstryggjande operasjonar (4. komité)

7.1 Vest-Sahara

Resolusjonen om Vest-Sahara blei vedteken med konsensus under den 60. generalforsamlinga etter å ha blitt vedteken ved votering under den 59. sesjonen. Denne gongen kom likevel ikkje Marokko og Algerie fram til ein tekst som kunne bli vedteken med konsensus. Marokko ønskte mellom anna å inkludere tekst frå NAM-toppmøtet hausten 2005 og tekst om den autonomiplanen landet sjølv har for Vest-Sahara. Dette kunne likevel ikkje Algerie godta. Difor la Algerie fram ein tekst som var identisk med konsensusteksten frå 2005. Denne blei vedteken med 76 røyster for og 72 avst  ingar.

I tida som følgde, fram mot plenumshandsaminga av dagsordenspunktet, dreiv Marokko ein hard kampanje for å få medlemsland til å endre r  ystem  steret ved å avstå. Samtidig dreiv Algerie ein tilsvarande kampanje for å sanke auka st  tte til resolusjonen. Under voteringa i plenum r  ysta 70 for medan 91 land avstod. Dermed lukkast Marokko i å undergrave resolusjonen ytterlegare.

7.2 Midtausten

Handsaminga av Midtausten følgde dei same spora som ved tidlegare generalforsamlingar. Det var små eller ingen endringar i r  ystem  steret fr   tidlegare år. I innlegga og debatten var det ei gjennomg  ande uro for den humanit  re og politiske situasjonen i dei palestinske områda. Som tidlegare hadde Spesialkomiteen for unders  king av israelsk praksis i dei okkuperte områda ikkje fått tilgang til dei palestinske områda og baserte difor rapporten sin på intervju med palestinrarar i dei omkringliggjande landa. Komiteen heldt fast ved tilrådingane sine fr   tidlegare år, med eitt unntak: Ei tilråding om at Tryggingsr  det vurderer sanksjonar mot Israel dersom landet ikkje overheld dei internasjonale forpliktingane sine.

Resolusjonane under desse dagsordenspunktata blir tradisjonelt forhandla fram mellom palestinrarane og EU utan at dei andre medlemslanda deltek. Ein kom fram til løysingar som begge partar

kunne akseptere. I det som følgde var r  ystem  steret i store trekk identisk med tidlegare år.

Noreg la i debatten vekt på at der det eitt år tidlegare hadde vore ein viss optimisme å spore i kj  lvatnet av den israelske tilbaketrekkinga fr   Gaza, var ein attende til ein situasjon der det ikkje fanst nokon politisk prosess og der den humanit  re situasjonen har nådd nye lågm  l.

7.3 Fredsbevarande operasjonar

Auken dei siste åra i talet på personell i operasjonane, parallelt med at mandata er blitt meir komplekse, utgjer ein omfattande belastning på FN-ressursane. Dei utfordringane som følgjer av dette, var ein viktig del av bakteppet for årets debatt i 4. komité. Per januar 2007 leier FNs avdeling for fredsoperasjonar 18 operasjonar – tre av desse er politiske. Talet på uniformert personell (milit  re og politi) i dei 15 operasjonane er ca. 80.000. I tillegg kjem ca. 15.000 sivile. Budsjettet er på over seks milliardar amerikanske dollar, nesten tre ganger så stort som det regul  re FN-budsjettet. Dette speglar at fredsoperasjonane er ein kjerneaktivitet for FN.

Visegeneralsekret  r Jean-Marie Gu  henno trekte i årets generaldebatt fram arbeidet med å hindre seksuelt misbruk og overgrep fr   FN-personell overfor sivile i operasjonsområda. Vidare uttrykte han uro over auken i falne FN-milit  re og -politi. I 2005 d  ydde heile 32 personar som følgje av direkte   tak på FN-styrkane. Det strategiske fokuset er framleis på utviklinga av s  kalla integrerte operasjonar, og Gu  henno viste til den klare samanhengen mellom tryggleik og utvikling. Etableringa av ein overordna fredsbyggingskomisjon blei sett på som eit viktig steg i rett retning for å samordne FN-ressursane betre. Gu  henno viste også til at arbeidet med å forbetre kommando- og kontrollapparatet og å etablere ein feltetterretningskapasitet framleis var prioriterte oppg  ver for FN.

Meir enn 110 land deltek no med personell i FN-operasjonar. Mange av desse medlemslanda trekte i sine innlegg fram at det var viktig å styrke den strategiske plankapasiteten til FN og å straum-

linjeforme kommando- og kontrollapparatet. I tillegg blei tiltak for å betre tryggleiken til FN-personellet etterlyst.

Det norske innlegget viste til intensjonen frå Regjeringa om å auke Noreg si rolle i FN-leidde fredsoperasjonar, særleg i Afrika. Ein måtte sjå deltakinga i UNIFILs sjømilitære element som ein del av det fornøya engasjementet for FN-leidd fredsooperativ innsats. For å møte behovet for å styrkje den militære planleggingskapasiteten ved FN-hovud-

kvarteret blei det lansert fleire framlegg, medrekna høvet til å sende personell til FN og å opprette betre kontakt med regionale militære strukturar. Desse kan ved behov støtte det militære planleggingsarbeidet i FN. Innlegget roste det arbeidet FN har gjort for å fremje integrerte operasjonar og viste til at Noreg ville følgje opp med nye initiativ for å støtte konseptutviklingsarbeidet i organisasjonen på dette området.

8 Administrative og budsjettmessige spørsmål (5. komité)

8.1 FNs regulære budsjett for perioden 2007–2008

Budsjettet blir drøfta i ein toårssyklus, og vil komme opp som hovudtema ved neste generalforsamling.

Bidragsskalaen

På den siste dagen i årets sesjon vedtok komiteen å vidareføre den eksisterande skalaen for utlikning av medlemslanda sine bidrag til det regulære budsjettet. I forhandlingane blei EU isolert, delvis som ein konsekvens av at G-77 stod samla gjennom forhandlingane. Dei store utviklingslanda tok ansvar i gruppa, og har uformelt teke på seg å betale noko meir slik at små utviklingsland som får ein stor auke i sine bidrag, vil kunne fase desse inn over dei neste tre åra. Russland har òg teke på seg ei noko høgare økonomisk bør ved å betale 1,2 % i staden for sin utlikna del på under 1 %. USA var nøgd med utfallet då «taket» på 22 % blei ståande. Også Japan kan leve med ei vidareføring då bidraget deira i alle tilfelle vil bli redusert, sidan bidragsskalaen er basert på medlemslanda sitt BNP.

Noregs bidrag til FNs regulære budsjett vil gå opp frå 0,646 % til 0,782 %.

8.2 Finansiering av FNs krigsforbrytardomstolar

Generalforsamlinga vedtok budsjett for krigsforbrytardomstolane på om lag USD 277 mill. for Rwanda og USD 326 mill. for det tidlegare Jugoslavia.

8.3 Finansiering av FNs fredsbevarande operasjonar

Finansieringa av FNs fredsbevarande operasjonar skjer i utgangspunktet på eittårig basis med eit budsjettår som går frå 1. juli til 30. juni. Budsjettvedtaka for desse operasjonane blir hovudsakleg trefte av Generalforsamlinga i juni kvart år. Likevel er det òg naudsynt å handsame budsjettframlegg

for ulike fredsbevarande operasjonar for å kunne operasjonalisere vedtak om fornying som Tryggingsrådet har treft.

Under haustens sesjon vedtok Generalforsamlinga budsjett for fredsbevarande operasjonar i Burundi, Elfenbeinskysten, Etiopia og Eritrea, Libanon og Aust-Timor.

Med desse vedtaka ligg per 31. desember 2006 det totale budsjettetnivået for dei 13 aktive fredsbevarande FN-operasjonane på rundt USD 5,2 mrd. for 2006/2007. Desse budsjetta vil hovudsakleg bli finansierte gjennom pliktige bidrag frå medlemslanda. Noregs del er på 0,782 %.

8.4 FNs finansielle situasjon

FNs finansielle situasjon er framleis prega av sesongprega likviditetsproblem på grunn av sein og manglende innbetaling frå medlemslanda. Ved årsskiftet var gjelda til medlemslanda om lag USD 410 mill. lågare enn ved årsskiftet i 2005. Ved utgangen av 2006 var den samla gjelda til medlemslanda på USD 2,346 mrd. Av dette var USD 362 mill. til det regulære budsjettet, USD 1,9 mrd. til FNs fredsbevarande operasjonar, USD 51 mill. til krigsforbrytardomstolane og USD 33,5 mill. til oppgradering av bygningsmassen i FN. USA er den største skuldnaren med USD 1,008 mrd i gjeld ved utgangen av 2006. Av dette var USD 291,4 mill. til det regulære budsjettet, USD 677,4 mill. til FNs fredsbevarande operasjonar og USD 36,6 mill. til krigsforbrytardomstolane. Også andre bidragsytarar var bokførte som skuldnarar. Nest største skuldnar til fredsbevarande operasjonar ved årsskiftet var Japan med USD 572,1 mill. Nest største skuldnar til det regulære budsjettet ved årskiftet var Brasil med USD 22,6 mill.

8.5 Reformspørsmål

Reformarbeidet i komiteen i haust har vore vanskeleg og sterkt prega av dei store motsetnadane frå budsjettkrisa i fjar og votinga i sommar over resolusjonen om administrativ reform. Medan EU og USA har ønskt å halde fram med arbeidet med

reformresolusjonane, har G-77 vore skeptisk og heller gjort geografisk representasjon av utviklingsland i FN-sekretariatet til hovudsak. Japan på si side har vore tilbakehaldande når det gjeld ressursbruk og har difor gjort det endå vanskelegare å føre reformprosessen framover. I praksis har dette resultert i at den reelle handsaminga av fleire store reformspørsmål er blitt utsett til den sesjonen som blir teken opp att til våren.

Personalpolitikken

Reform av personellforvaltingssystemet var eitt av hovudtemaa i haustens sesjon. Arbeidet har vore prega av det vanskelege klimaet i komiteen. I praksis har dette resultert i at den reelle handsaminga av dette spørsmålet er blitt utsett til den sesjonen som blir teken opp att til våren.

Sjølv om ein ikkje har oppnådd den framdrifta ein ønskte på personellreformområdet, må det likevel kunne sjåast som positivt at sekretariatet vil kunne halde fram med å utarbeide fleire av dei sentrale framlegga i rapporten frå generalsekretæren, då særleg dei framlegga som omfattar mobilitet, utarbeiding av ein kontrakt for alle FN-tilsette og framlegget om ein permanent styrke på 2500 sivile, profesjonelle fredsbevararar.

Reform av FNs innkjøpsordning

Det har vore ein sterk auke i innkjøpa til FN dei siste åra, særleg knytt til FNs fredsbevarande operasjonar. Etter at det blei oppdaga korruption og därlege rutinar innan FNs innkjøpsdivisjon (Procurement Division), har det blitt utarbeidd ein rapport frå Generalsekretæren som fokuserer på auka internkontroll og på å optimere og styrke FNs strategiske leiing innan innkjøpsordninga. Forhandlingane om reform av innkjøpsordninga har vore prega av ein sprik i medlemslanda si forståing av problemstillinga. Ein overarbeidd Procurement Division spurde i første rekke etter ressursar for å kunne gjennomføre den reformprosessen dei er i startfasen av. Dette blei møtt med skepsis frå G-77 som har oppfatta dette som ei omgåing av den reformpakken Generalforsamlinga hadde spurt etter. Vidare skapte det snevre fokuset G-77 hadde på behovet for å auke talet på leverandørar frå utviklingsland innanfor FN-systemet, mykje misnøye mellom andre land som ikkje ser dette som ein del av reformprosessen og meiner at innkjøpsordninga ikkje skal nyttast til «bistandsarbeid». Basert på ei forståing av at det er eit reelt behov for ressursar for å effektivisere innkjøpsordninga, har ein komme fram til ei løysing som gjev Procurement

Division dei etterlengta ressursane, men som samtidig tek noko omsyn til krava frå G-77 om å betre sjansane for leverandørar frå utviklingsland. Ei rekke rapportar er venta til våren, og komiteen vil då halde fram med å handsame dette viktige området.

8.6 Tilsyn og kontroll

Reform av FNs tilsyns- og kontrollstruktur er ein del av oppfølginga av høgnivåmøtet i 2005. Ved årets generalforsamling hadde ein teke sikte på ei brei evaluering av det eksisterande tilsyns- og kontrollsystemet i FN. Temaet er vanskeleg med stort sprik i posisjonane til medlemslanda, og då punktet blei lagt fram for komiteen svært seint i sesjonen, hadde ein lite høve til å handsame temaet i detalj. Det blei vedteke å etablere eit rammeverk for den vidare prosessen. Ein tek sikte på å handsame tilsyns- og kontrollproblematikken i større detalj i den sesjonen som blir teken opp att til våren.

Revisorrådets rapportar

Revisorrådets rapportar blei lagde fram og tilrådgane vedtekne i tråd med kommentarane frå den rådgjevande komiteen for administrative og budsjettmessige spørsmål.

Revisjonsstandardar

Arbeidet med å innføre internasjonale godkjende revisjonsstandardar (International Public Sector Accounting Standards/IPSAS) i FN-systemet held fram. Etter planen skal desse standardane vere på plass i heile FN-systemet innan 2010.

8.7 Andre spørsmål

Capital Master Plan

Det er vedteke å renovere den 54 år gamle FN-bygningen (Capital Master Plan). Oppussinga vil byrje i 2008, og eit nytt FN-bygg skal etter planen kunne takast i bruk i 2014. Prosjektet har eit eige budsjett.

ERP

Arbeidet med å analysere kva krav FN skal stille til eit nytt ERP-system (Enterprise Resource Planning) for å modernisere og integrere IT-prosesane i FN når det gjeld rekruttering, innkjøp og budsjettadministrasjon, er i gang. Punktet er venta å komme opp til handsaming til våren.

9 Juridiske spørsmål (6. komité)

9.1 Generelle spørsmål

I 6. komité blir resolusjonane vanlegvis vedtekne med konsensus. Viktige saker på dagsordenen under den 61. generalforsamlinga var mellom anna forhandlingar om ein resolusjon om terrorisme og handsaming av rapporten frå Folkerettskommisjonen. I tillegg vedtok ein mellom anna resolusjonar om status for tilleggsprotokollane for Genèvekonvensjonane, vern av diplomatiske og konsulære stasjonar og personell, rapporten frå FNs kommisjon for internasjonal handelsrett, rapporten frå Spesialkomiteen for FN-pakta og for styrking av organisasjonen si rolle og rapporten frå komiteen om kontaktane med vertslandet. Handsaminga av nokre saker blei utsette til våren.

I tråd med tidlegare praksis heldt ein felles nordiske innlegg om mange av punkta på dagsordenen under 6. komité. Noreg stod òg tilslutta EU sitt innlegg i ein del samanhengar.

9.2 Terrorism

FN-toppmøtet i 2005 sende ut ei vilkårslaus fordomming av alle former for terrorisme utan omsyn til form og formål, og fastslo at terrorisme er eitt av dei alvorlegaste trugsmåla mot internasjonal fred og tryggleik. Etter norsk syn bør FN ha ei leiande og samordnande rolle i den internasjonale kampen mot terrorisme. Noreg følgjer aktivt opp resolusjonane og vedtaka frå FN, og har ratifisert 13 av FN-konvensjonane som er relevante for terrorisme. I samband med arbeidet med ny straffelov tek ein sikte på å gjennomføre innhaldet i dei instrumenta som nyleg er forhandla fram, slik at Noreg kan ratifisere dei tre avtalane som gjenstår.

Ein viktig del av FN-arbeidet mot terrorisme skjer i regi av Tryggingsrådet og rådets underkomitear, medrekna Counter-Terrorism Committee (CTC), som blei oppretta i samsvar med resolusjon 1373, som blei vedteken like etter angrepet på World Trade Center i New York. Tryggingsrådet meiner at internasjonal terrorisme er eit trugsmål mot fred og tryggleik, og rådet har på dette grunnlaget eit hovudansvar for å fastsetje tiltak som sikrar tryggleiken, særleg gjeld dette tiltak retta

mot personar eller grupper som står bak eller støttar terrorhandlingar. CTC spelar ei praktisk viktig rolle i kampen mot terrorisme, og har som formål å styrke overvakinga av utviklinga på området og å gje hjelp til medlemsland som enno ikkje har gjennomført resolusjon 1373. Tryggingsrådet arbeider òg gjennom 1267-komiteen (Taliban/Al Qaida), 1540-komiteen (nuklear terrorisme) og gjennom arbeidsgruppa for resolusjon 1566 (vurdering av nye tiltak for å styrke FN-arbeidet på dette området).

Arbeidet mot terrorisme har òg ein viktig plass i Generalforsamlinga. Deira rolle er å forhandle fram bindande regelverk i form av avtalar og tilrådingar i form av resolusjonar. Her deltek alle FNs medlemsland i ein dialog om terrorisme og utviklar stegvis felles normer for dette arbeidet. Terrorism må nedkjempast på brei front, og Generalforsamlinga arbeider med eit breitt spekter av saksfelt som er viktige i dette perspektivet òg, slik som kampen mot fattigdom, styrking av den internasjonale rettsordenen, fred og forsoning, dialog mellom religionar og samfunn og arbeid mot spreieing av masseøydeleggingsvåpen. Som ei oppfølging av FN-toppmøtet i 2005 lanserte Generalforsamlinga i 2006 ein strategi, vedteken med konsensus, for arbeidet mot terrorisme. Strategien representerer eit viktig framsteg og omhandlar tiltak for å handtere tilhøve som bidreg til terrorisme, tiltak for å førebyggje og nedkjempe terrorisme, tiltak for å styrke den kapasiteten medlemslanda har i dette arbeidet og tiltak for å sikre respekt for menneskerettane og rettsstatsprinsippa som eit fundament også i kampen mot terrorisme.

Sjølv om det i FN er ei unison fordømming av alle former for terrorisme, viste dei resolusjonsforhandlingane som følgde, at det framleis er mange ulike perspektiv og mykje ulikt som blir vektlagt når det gjeld årsakene til terrorisme og korleis dette kan nedkjempast. Noreg hevda mellom anna i sitt innlegg at terrorisme må nedkjempast med eit breitt sett av verkemiddel og at FN må ha ei leiande rolle. Ein ønskte Generalforsamlingas terrorismestrategi velkommen og viste òg til den norske terrorismestrategien. Resolusjonen om tiltak for å eliminere terrorisme blei til slutt vedteken med konsensus. Generalforsamlinga held ved lag for-

dømminga si av alle former for terrorisme, og understrekar i vedtaket sitt mellom anna at arbeidet til regionale organisasjonar og ulike FN-organer viktig i kampen mot terrorisme og oppmodar både medlemsstatane og desse organisasjonane til å gjennomføre FNs terrorismestrategi og slutte seg til FN-konvensjonane mot terrorisme.

Dersom ein kunne bli samde om ein heilskapleg FN-konvensjon mot internasjonal terrorisme og korleis ein skulle avgrense bruksområdet for ein slik konvensjon, som har vore under forhandling sidan 1996, ville dette kunne bidra til å effektivisere det mellomstatlege samarbeidet for å nedkjempe terrorisme, mellom anna gjennom straffeforfølging av dei som gjer seg skuldige i terrorhandlingar. Men det var inga rørsle på dette området under hovudsesjonen for den 61. generalforsamlinga. Drøftingane blir vidareførte i adhockomiteen som er oppretta av Generalforsamlinga for å forhandle fram ein generell konvensjon mot terrorisme.

Noreg ønskjer å styrke kampen mot terrorisme, same kvar den finn stad, kven som har gjort seg skuldig i handlinga og ut frå kva motiv, og søker i forhandlingane å unngå løysingar som kan bidra til å legitimere handlingar ut frå at dei har ein særskilt motivasjon (t.d. kamp mot ulovleg okkupasjon). Ein er frå norsk side òg av den oppfatninga at statshandlingar og statsansvar er betre forankra i andre delar av folkeretten enn den internasjonale strafferetten.

9.3 Folkerettskommisjonen

Folkerettskommisjonens rapport frå kommisjonens 58. sesjon

Folkerettskommisjonen blei oppretta i 1947 for å sikre den plikta Generalforsamlinga etter artikkel 13 i FN-pakta har til å få i stand utvikling og kodifisering av folkeretten. Kommisjonen har utarbeidd utkast til traktatar på ei rekke sentrale område, og har i nært samspel med 6. komité spelt ei nøkkelrolle i utviklinga av folkeretten. Kommisjonen legg på årleg basis fram ein rapport for Generalforsamlinga. Sentrale spørsmål i rapporten frå kommisjonens 58. sesjon omhandla mellom anna diploma-

tisk vern (det vil seie den retten statane har til å intervenere og fremje krav på vegner av sine eigne borgarar ved brot på folkeretten), einsidige statshandlingar, det ansvaret statane har for grenseoverskridande skadevaldande handlingar som ikkje er i strid med folkeretten, det ansvaret internasjonale organisasjonar har, delte naturressursar, fragmentering av folkeretten, utvising av utlendingar, den verknaden væpna konfliktar har på traktatar, plikt til å utelevere eller straffeeforfølgje og reservasjonar til traktatar.

Folkerettskommisjonen vedtok på sin 58. sesjon endeleg utkast til artiklar om diplomatisk vern og endeleg utkast til prinsipp om det ansvar statane har for grenseoverskridande skadevaldande handlingar som ikkje er i strid med folkeretten. I tillegg vedtok kommisjonen eit sett av rettleiande prinsipp (guiding principles) for einsidige statshandlingar. Noreg heldt på vegner av dei nordiske landa innlegg om diplomatisk vern og det ansvar statane har for grenseoverskridande skadevaldande handlingar som ikkje er i strid med folkeretten. Dei nordiske landa er i hovudsak nøgde med utkastet til artiklar om diplomatisk vern og utkastet til prinsipp om det ansvar statane har for grenseoverskridande skadevaldande handlingar som ikkje er i strid med folkeretten. Utkastet til artiklar om diplomatisk vern er meint å regulere vilkåra og framgangsmåten når ein stat ønskjer å setje fram krav ved folkerettsstridige handlingar som ein annan stat har påført statens borgarar. Utkastet til prinsipp om det ansvar statar har for grenseoverskridande skadevaldande handlingar framhever den plikta ureinar har til å betale ved skadar. Dei nordiske landa understrekar at det er viktig at operatøransvaret kjem i tillegg til det ansvaret dei einskilde statane har i samsvar med folkeretten. Prinsippa er eit supplement til resten av det internasjonale regelverket om det ansvar statar har særleg når det gjeld miljøskadar i område utanfor nasjonal jurisdiksjon og for å forebyggje slike skadar.

I tillegg til dei norske innlegga blei det på vegner av dei nordiske landa halde innlegg om fragmentering av folkeretten (Sverige), reservasjonar til traktatar (Sverige) og det ansvar internasjonale organisasjonar har (Danmark).

Om Noregs deltaking i den 61. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 60. generalforsamlinga i FN

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 20. april 2007 om Noregs deltaking i den 61. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 60. generalforsamlinga i FN blir send Stortinget.

Vedlegg 1

Tale av Jens Stoltenberg, statsminister i Noreg, til generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane, 61. sesjon

New York, 19. september 2006

President, eksellensar.

FN er no meir i sentrum for internasjonale tilhøve enn det har vore på mange år. Vi ser at generalsekretæren og staben hans er pådrivarar for diplomati. Dei er til stades og kjem med fredsinitiativ i Midtausten. Dei samordnar og fører vidare fredsoperasjonane i Libanon.

FN utarbeider mandat og førebur seg på nye, viktige oppdrag, som Darfur.

FN støttar land som er på veg ut av konfliktar, som Burundi og Sierra Leone.

Dei gjev soldatar og sivile i Afghanistan legitimitet og vern i samsvar med folkeretten.

Og set i gang ein global strategi mot terrorisme.

Det er FN vi alle set vår lit til når andre prosesser ikkje lukkast. Og Noreg arbeider hardt for å støtte opp om den leiande rolla FN har.

Anten ved å sende maritime styrkar til libanesiske farvatn.

Eller ved å ha soldatar i Afghanistan.

Eller ved å lære opp framtidige fredstryggjande styrkar til Darfur.

I den politiske erklæringa til den norske regjeringa står det at:

«Det er i norsk interesse at vi har en FN-ledet verdensorden. Derfor vil Regjeringen arbeide for å styrke FN og internasjonal rett.»

FN kan rekne med Noreg. Vi meiner at vår samla innsats for fred og utvikling og for miljøet vil halde mål. Både når ein ser framover og i ettertid.

Dei av oss som er trufaste tilhengjarar av eit sterkt og effektivt FN, må òg vere hovudpådrivane for endring og fornying.

Eg har den æra å sitje saman med framståande kollegaer i eit panel som skal arbeide for reformer i FN, oppnemnt av generalsekretæren. Panelet skal utarbeide framlegg til korleis FN kan utrette meir, bli betre og raskare når det gjeld utvikling, humanitær hjelpe og miljøet.

Det var toppmøtet i 2005 som kravde betre samanheng i aktivitetane til Dei sameinte nasjo-

nane på desse områda, og at dei skulle styrast betre.

Over tid har FN lagt nye organ og nye aktivitar til porteføljen sin. Det er få menneske som har det heile og fulle oversynet. Og det er ikkje mange som kan fortelje kva FN gjer for utviklinga i eit bestemt land. Eller som kan svare klart og tydeleg på kor mykje pengar FN bruker i eit visst land.

I fleire land er FN-systemet representert med meir enn 20 ulike organisasjonar. Det blir meldt om at det i eit land som Ghana er 14 ulike FN-kontor.

Mange FN-organisasjonar tek seg av mange av dei same sakene. Dette blir kalla overlapping.

Det er meir enn 20 ulike organisasjonar som arbeider med vatn.

Det er meir enn ti som arbeider for at fleire jenter skal få utdanning.

Dette fører til eit fragmentert system som er styrt på ein lite oversiktleg måte. Det fører til dobbeltarbeid og mindre høve til å overvake resultata.

Vi ville ikkje styre våre eigne saker på denne måten, verken nasjonalt eller lokalt.

Og det er vi, medlemslanda, som har skulda.

Vi må setje ein stoppar for dobbeltarbeidet, fragmenteringa og rivaliseringa mellom dei ulike delane av systemet.

I staden må vi fokusere på resultata.

Og vi må vere villige til å endre oss. Tilpasser oss nye situasjonar og gje avkall på oppgåver som vi ikkje treng lenger.

Vi treng å sorgje for at det blir brukt mindre på byråkrati og meir ute i felten.

Lat oss til dømes ta samordninga av humanitær hjelp etter at nødhjelpsfondet, som Jan Egeland leier, blei oppretta. Når han har desse ressursane, kan han samordne meir ved å styre ressurstilgangen.

Det er på same måten når det ikkje er krise: Det lèt seg ikkje gjere å skilje styring og finansiering. Men dette er ofte situasjonen i dag.

Om Noregs deltaking i den 61. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 60. generalforsamlinga i FN

Alle saker som gjeld reformer, synest å vere svært kontroversielle her i FN. Men reformer må til.

Det mest uansvarlege vi kan gjere no, er å late vere å gjere noko. Å late organa, dei som sit i leinga og deira representantar gjere dobbeltarbeid og sløse med knappe ressursar.

Rapporten frå panelet skal leggjast fram for generalsekretären seinare i år. Vi har hatt ein open og oversiktleg prosess. Vi har halde møte i alle verdsdelane og høyrt på ei rekke involverte partar, dei som arbeider i felten, representantar for landa.

Mi bøn til alle dykk, til medlemsstatane, er å ta i mot rapporten med eit ope sinn.

Og lat meg ikkje etterlate nokon tvil om dette: Alt vi måtte tene på å vere meir effektive må kana lisera til utviklingslanda.

Kvart einaste øre som vi tener på å betre arbeidsinnsatsen eller ved å redusere dei faste utgiftene, må gå til hjelp som når fram til dei som treng ho. Dette vil vere til glede for både mottakar land og gjevarland.

Vi er i den heldige stillinga at vi har sett oss tydelege mål for organisasjonen.

For seks år sidan vedtok vi tusenårsmåla her i New York.

Vi forplikta oss til å gjere vårt beste for å nå desse måla.

Noreg arbeider med alle åtte. I år gjev vi 0,96 prosent i bistand. Og vi vil nå 1-prosentmerket om nokre få år.

Vi har no gått aktivt inn for å vere leiande når det gjeld å gjennomføre tusenårsmål nr. 4 som forpliktar oss til å redusere dødstala for born med to tredelar innan 2015.

Talet på born som dør før dei er fylte fem år, utgjer ein og ein halv gong folketalet i New York

kvart år. Dei fleste av dei dør av årsaker som kan førebyggjast.

Talet på born som dør av lungebetennelse aleine kvar månad, er like stort som dødstala etter tsunamien.

Dei fleste slike vanlege sjukdommar kunne vi ha førebygd med vaksiner som kostar berre 20 dollar per barn.

Når vi tillèt slike dødstal for born, kveler vi det potensialet statane har, og forlengjer den lange natta med underutvikling.

Dette kan og må endrast. I går kunngjorde eg at den norske regjeringa har vedteke å auke sitt årlege bidrag til å få ned barnedødstala og til vaksiner frå 75 millionar dollar i året til 125 millionar frå og med neste år.

Alt i alt vil Noreg fram til og med 2015 bidra med 1,3 milliardar dollar til vaksiner knytt til aktivitetar for å få ned dødstala.

Det neste steget vil vere å utvikle ein global strategi for å nå tusenårsmål nr. 4.

Ein plan for finansiering og gjennomføring.

Å nå det målet og andre tusenårsmål handlar eigentleg om å reformere FN.

Ein organisasjon som set seg mål,

og som meislar dei i stein,

slik vi gjorde då vi vedtok tusenårsmåla,

må tilpasse strukturen og arbeidsmetoden sin til desse måla.

Det er også av den grunn vi må reformere FN, for å få ned barnedødstala. For å redde liv. Slik vi sa vi skulle.

Vi har utretta store ting tidlegare. Og vi har meir å hjelpe oss med enn nokon annan generasjon. Eg inviterer dykk alle til å bli med på denne globale kampanjen for at born skal overleve.

Takk for merksemda.

Vedlegg 2

Statsminister Jens Stoltenbergs tale ved overleveringa av rapporten «Delivering as One» (Levere saman som ein)

Dei sameinte nasjonane, New York, 9. november 2006

President

Generalsekretær

Då eg blei beden om å sitje som medleiar for dette panelet, nølte eg først og spurde meg sjølv om ei slik oppgåve kunne sameinast med dei pliktene eg har som norsk statsminister.

Eg kom til at eg skulle takke ja. Det var viktig at ein i prosessen fekk med synspunkta til eit gjevarland som var positivt innstilt til FN, og slike synspunkt har eg hatt med meg. Noreg har planar om å gje 0,97 prosent i bistand neste år. Vi nådde målet om 0,9 prosent for fleire år sidan.

Eg representerer dessutan eit land som er av dei sterkeste tilhengjarane av FN og av dei største gjevarlanda reelt sett. Vi hører til dei mange rundt om i verda som djupt og inderleg ønskjer eit meir effektivt FN. Eit FN som verkeleg er ein stad der framifrå dugleik er samla.

Eg trur at andre gjevarland òg vil fornye dei pliktene dei har overfor FN og vere meir positivt innstilte til å auke midlane sine til FN-aktivitetar dersom FN blir modernisert.

Dersom FN viser til betre resultat, som kjem dei svake og fattige til gode, for midlar som det kan gjerast greie for, og dersom FN blir evaluert på uavhengig grunnlag.

Dersom FN held fram med å betre resultata sine når det gjeld å nå tusenårsmåla

og andre utviklingsmål som det er semje om internasjonalt.

Då – vil det vere lettare å velje FN når det gjeld auka, langsiktig finansiering.

I dag blir all leiing, offentleg som privat, målt mot dei resultata leiarane kan vise til, og dei må fornye tillitsforholdet til eigarane sine.

Det er de, medlemsstatane, som er eigarane, og de fortener å sjå resultata og å halde FN ansvarleg.

Det er opp til dykk å godta eller forkaste mange av dei tilrådingane vi legg fram. Men stilt overfor eit tvingande behov for reform, vil det vere svært radikalt å forkaste dei.

Og hugs dette: Vi tilrår ikkje at den same løy-singa skal nyttast i alle land. Vi er klare over at det er skilnader mellom land, og over prinsippet om nasjonalt eigarskap.

Vi krev betre samanheng og sterkare samordning både innanfor dei enkelte landa og i hovud-kvarteret, vi krev at unødvendig dobbeltarbeid blir fjerna og at det blir teke i bruk ein forretningspraksis basert på arbeidsinnsats og måling av resultat, og vi krev langsigkt finansiering som kan stadfestast på førehand.

Visjonen vår er at FN skal framstå som ei einskapleg eining innanfor områda utvikling og humanitær hjelp og når det gjeld miljøet, basert på landa sine eigne behov og prioriteringar.

Hovudsaka i rapporten vår er at det skal opprettast eit einskapleg FN på landnivå, med ein leiar, eitt program, eitt budsjett og eitt kontor, der det lèt seg gjere.

Vi treng å støtte dette ved å betre styresettet på hovudkvartersnivå.

Det å opprette eit FN-styre for berekraftig utvikling der det blir utnemnt ein utviklingskoordinator for FN, vil føre til samordning, samanheng og oversyn på hovudkvartersnivå. Styret skal avløyse dei felles styra til utviklingsorganisasjone.

Styret skal ta avgjerder, gje si tilslutning til landprogram, og dele ut midlar frå frivillige bidrag.

Det skal setje i gang uavhengig evaluering og vere pådrivar for samordning og samanheng.

Det skal rapportere til ECOSOC.

Ein må bli meir effektive ved hjelp av betre forretningspraksis i alle ledd.

Det ein eventuelt sparar, skal kanaliserast attende til landprogramma. Annan forretningspraksis, som personalpolitikk, medrekna det å oppmuntre til mobilitet, planlegging og resultatbasert leiing, einskaplege datasystem m.m. skal oppgraderast og harmoniserast i heile FN-systemet som

Om Noregs deltaking i den 61. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 60. generalforsamlinga i FN

ein pådrivar for å betre arbeidsinnsatsen og betre resultata.

Ved å opprette ei finansieringsmekanisme for tusenårsmåla vil vi skaffe fleirårig finansiering til FNs landprogram – og som leiande prinsipp – finansieringa skal baserast på arbeidsinnsats og resultat.

Når det gjeld humanitær hjelp, bør FN spele ei sterkare rolle i samordninga mellom styresmakten og dei frivillige organisasjonane. Eit fullfinansiert nødhjelpsfond vil vere avgjerande.

Når det gjeld miljøet, ønskjer vi å opprette eit miljøprogram for Dei sameinte nasjonane som den sentrale miljøsøyla i FN-systemet.

Og vi har føreslått ei sterkare røyst for kvinner.

Ei dynamisk, uavhengig FN-eining for likestilling og for å styrke kvinna si stilling bør opprettast ved å slå saman dei tre eksisterande FN-einingane – UNIFEM, «Office of the Special Adviser on Gender Issues» og FNs «Division for the Advancement of Women». Ei slik ny eining skal ha ei sterkare normativ rolle og ei sterkare rolle som pådrivar, og ei målretta programverksemd. Likestillingseininga skal være fullfinansiert og ambisiøst finansiert.

Vi har hatt nokre diskusjonar om kva som ligg i omgrepet ambisiøs. Det var mange som meinte at

200 millionar dollar var ein passanda sum. Andre syntes det var for småleg. Vi blei samde om ikkje å nemne nokon sum.

Likestilling skal frå no av vere ein integrert del av alle FN-aktivitetar, ikkje minst i programma for eitt FN på landnivå, og ansvaret skal framleis ligge hos alle FN-organisasjonane. Vi tilrår at den nye eininga blir leidd av ein visegeneralsekretær. Eit slikt løft for likestillingssaker skulle ha komme for lenge sidan. Det er no opp til FN å treffe dei tiltaka som trengs for å rette på dette.

Som avslutning er det ei ære for meg å dele dette podiet med generalsekretæren og å takke han for det han gjer for menneskja.

Det er ei ære å vere under Dykkar leiing, fru president, i denne avgjerande tida med endring i FN.

